



## MØTEINNKALLING

---

**Utval:** Naturutvalet

**Møtedato** 29.05.2018

**Møtetid:** Kl. 15:00

**Møtestad:** Kommunehuset (Oppmøte kl. 15:00 på Skottekken)

---

*Varamedlem skal ikke møta utan nærmere innkalling*

Forfall til møtet eller ugildskap må meldast snarast råd til ekspedisjonen (tlf. 56 58 74 00 eller e-post [postmottak@samnanger.kommune.no](mailto:postmottak@samnanger.kommune.no)), som vil kalla inn varamedlem.

Me ber om at alle som kan vera ugilde i ei eller fleire saker på sakslista melder frå om dette til sørvisenteret.

**OBS! Det vert synfaring på Skottekken – oppmøte kl. 15:00.**

Leiar av utvalet  
Kollbotn, Karl Bård

**SAKLISTE****Saker til handsaming på møtet**

| <b>Sak nr.</b> | <b>Arkivsak</b> | <b>Sakstittel</b>  | <b>Merknad</b> |
|----------------|-----------------|--|----------------|
| 005/2018       | 18/370          | Faste saker  |                |
| 006/2018       | 13/77           | Endelig vedtak, kommuneplanen sin arealdel - Børldalen                   |                |
| 007/2018       | 18/298          | Dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel - Omsorgsbustad Skottabakken |                |

**Oversikt faste saker**

- Godkjenning av innkalling og sakliste
- Eventuelle merknader til protokoll frå førre møte
- Delegerte vedtak/referatsaker
- Utvalet sitt kvarter



## SAKSFRAMLEGG

|                                       |                            |
|---------------------------------------|----------------------------|
| <b>Sakshandsamar:</b> Marianne Soleng | <b>Arkivkode:</b> FE - 033 |
| <b>Arkivsaksnr:</b> 18/370            | <b>Løpenr:</b> 18/4564     |
| <b>Sakstype:</b> Politisk sak         |                            |

### SAKSGANG

| <b>Styre, utval, komité m.m.</b> | <b>Møtedato</b> | <b>Saksnr</b> |
|----------------------------------|-----------------|---------------|
| Naturutvalet                     | 29.05.2018      | 005/2018      |

### Faste saker

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinkallinga og saklista vert godkjent.
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

#### Oversikt over faste saker:

Godkjenning av innkalling og sakliste.  
 Eventuelle merknader til protokoll frå førre møte.  
 Delegerte vedtak/referatsaker.  
 Utvalet sitt kvarter.

#### Oversikt over orienteringssaker/ referatsaker:

Informasjon – Parkeringsplan  
 Informasjon – Reguleringsplan – veg til Hagabotnane  
 Status uttale E16 og FV7



## SAKSFRAMLEGG

|                                      |                            |
|--------------------------------------|----------------------------|
| <b>Sakshandsamar:</b> Aandahl, Roald | <b>Arkivkode:</b> FE - 142 |
| <b>Arkivsaksnr:</b> 13/77            | <b>Løpenr:</b> 18/4521     |
| <b>Sakstype:</b> Politisk sak        |                            |

### SAKSGANG

| <b>Styre, utval, komité m.m.</b> | <b>Møtedato</b> | <b>Saksnr</b> |
|----------------------------------|-----------------|---------------|
| Naturutvalet                     | 29.05.2018      | 006/2018      |

### **Endelig vedtak, kommuneplanen sin arealdel - Børndalen**

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Med heimel: pbl. §§ 11-8, bokstav e og 11-9 nr. 1 , 3 og 8. vert følgjande endringar innarbeidd i omsynssone H810\_30 i kommuneplanen sin arealdel:

- *Det skal utførast rasanalyse for hele planområdet.*
  
- *Det kan tillatast at det plasserast sikringstiltak som ledevoll i sone H810\_30 nord for N07.*
  
- *Avrenning frå anlegget i anleggsfasen skal dokumenterast og konsekvensutgreiast. Det skal utarbeidast ytre miljøplan i reguleringsarbeidet.*
  
- *Det kan tillatast å regulere inn ei bru som kryssar elva på inntil 11,5 meter breidde for vegtilkomst. Plassering og utforming skal gjerast slik at konsekvensane for vassdraget vert minst mogleg.*
  
- *Det kan ikke tillatast tiltak i vasstrengen som til dømes uttak/ utslepp av vatn til vasskjøling.*

Administrasjonen innarbeider arealbruk, føresegner og planskildring i tråd med appendiks 5. Saken sendast til kommunestyret for endelig vedtak etter pbl. §11-15.

#### Dokument som er vedlagt:

**Dokument som ikke er vedlagt:**

(slett denne teksten dersom du ikke viser til dokument som ikke er vedlagt)

**Kva saka gjeld:**

Fylkesmannen har godtatt løysingane som omtalt i appendiks 5 og har trekt sine motsegn mot Børndalen i brev dagsett 26.04.2018. Saken sendes difor til kommunestyret for endelig vedtak så snart arealbruk, føresegner og planskildring er oppdatert i tråd med appendiks 5.

**Vurderingar og konsekvensar:**

Frå tilleggsverdieringane i høve konsekvens og naturfare kjem det fram at både nord- og sørsida av transformatorstasjonen kan byggjast ut til datalagringsenter.

Statnett har planer om utviding og har fremma ønskje om å ha handlingsrom på nordsida av transformatorstasjonen. Dette saman med at sørsida vil ha tilstrekkelig areal for utbygging i denne kommuneplanperioden gjør at næringsarealet Samnanger kommune ønskjer å leggje inn i kommuneplanen, avgrensast til 48daa på sørsida.

Gjennomføringssona H\_810\_30, krav om felles planlegging, er trekt vest til vegen og nord til transformatorstasjonen. Den er trekt nord for å i samråd med Statnett kunne regulere buffersonen mellom N07 og transformatorstasjonen. I denne buffersonen kan det tillatast sikringstiltak som ledevoll, m.v

21.02.2018

# Kommuneplanens arealdel 2017 - 2027

## Appendiks 5

### Tilleggsverderingar Børdalen

## Innheld

|       |  |    |
|-------|--|----|
| 1     | Samandrag.....                               | 3  |
| 2     | Datalagringssenter .....                     | 5  |
| 2.1   | Bakgrunn .....                               | 5  |
| 2.2   | Lokalisering.....                            | 5  |
| 2.3   | Alternativ lokalisering.....                 | 5  |
| 2.3.1 | Alternativ plassering i regionen.....        | 5  |
| 2.3.2 | Alternativ lokalisering i kommunen .....     | 7  |
| 2.3.3 | Konklusjon, alternativlokalisering .....     | 8  |
| 3     | Leveringstryggleik - Kraft.....              | 9  |
| 4     | Samfunnsnytte .....                          | 11 |
| 5     | Vassdrag .....                               | 11 |
| 5.1   | Differensiering av forvaltningsklasser ..... | 12 |
| 5.2   | Kantvegetasjon - Vassresurslova .....        | 14 |
| 5.3   | Alternativ nord .....                        | 16 |
| 5.3.1 | Arealbruk .....                              | 16 |
| 5.4   | Kartlegging kantvegetasjon .....             | 18 |
| 5.4.1 | Alternativ sør .....                         | 18 |
| 5.4.2 | Oppsummering kantvegetasjon .....            | 20 |
| 6     | Fisk- og ferskvassbiologi .....              | 20 |
| 6.1   | Verdivurdering.....                          | 22 |
| 6.2   | Verknad og konsekvens.....                   | 22 |
| 7     | Landskap.....                                | 22 |
| 7.1   | Landskapsverdi .....                         | 22 |
| 7.1.1 | Metode .....                                 | 22 |
| 7.2   | Omfang av nytt inngrep.....                  | 25 |
| 7.3   | Alternativ sør .....                         | 25 |
| 7.3.1 | Inntrykkstyrke fjernverknad .....            | 25 |
| 7.3.2 | Inntrykkstyrke nærverknad .....              | 25 |
| 7.3.3 | Konsekvens .....                             | 25 |
| 7.4   | Alternativ nord .....                        | 27 |
| 7.4.1 | Landskapsverdi .....                         | 27 |
| 7.4.2 | Inntrykkstyrke fjernverknad .....            | 28 |
| 7.4.3 | Inntrykkstyrke nærverknad .....              | 28 |
| 8     | Landbruk.....                                | 29 |
| 8.1   | Arealressurs sør: .....                      | 29 |

|        |  |    |
|--------|--|----|
| 8.1.1  | Verdivurdering.....                    | 29 |
| 8.1.2  | Påverknad.....                         | 29 |
| 8.1.3  | Konsekvens .....                       | 29 |
| 8.1.4  | Skadereduserande tiltak.....           | 30 |
| 8.2    | Arealressurs nord .....                | 31 |
| 8.2.1  | Verdivurdering.....                    | 31 |
| 8.2.2  | Påverknad.....                         | 31 |
| 8.2.3  | Konsekvens .....                       | 32 |
| 8.2.4  | Skadereduserande tiltak.....           | 32 |
| 9      | Kulturminner og kulturmiljø.....       | 33 |
| 9.1    | Områdeskildring og verdivurdering..... | 33 |
| 9.2    | Omfang og konsekvensar .....           | 34 |
| 10     | Naturfare .....                        | 35 |
| 10.1   | Jord- og flaumskred.....               | 36 |
| 10.2   | Flaum .....                            | 37 |
| 10.3   | Stein- og snøskred .....               | 38 |
| 10.3.1 | Omsynssone - ras .....                 | 38 |
| 11     | Samanstilling konsekvensar .....       | 42 |

## 1 Samandrag

Frå tilleggsverdingane i høve konsekvens og naturfare kjem det fram at både nord- og sørsida av transformatorstasjonen kan byggjast ut til datalagringsenter.

Statnett har planer om utviding og har fremma ønske om å ha handlingsrom på nordsida av transformatorstasjonen. Dette saman med at sørsida vil ha tilstrekkelig areal for utbygging i denne kommuneplanperioden gjør at næringsarealet Samnanger kommune ønskjer å leggje inn i kommuneplanen, avgrensast til 48daa på sørsida.

Gjennomføringssona H\_810\_30, krav om felles planlegging, er trekt vest til vegen og nord til transformatorstasjonen. Den er trekt nord for å i samråd med Statnett kunne regulere buffersonen mellom N07 og transformatorstasjonen. I denne buffersonen kan det tillatast sikringstiltak som ledevoll, m.v.



*Figur 1 - Ny avgrensing på arealbruk og gjennomføringssone for Børdalen.*

### Gjennomføringssone H810\_30 endrast til:


*Det skal utførast rasanalyse for heile planområdet.*

*Det kan tillatast at det plasserast sikringstiltak som ledevoll i sone H810\_30 nord for N07.*

*Avrenning frå anlegget i anleggsfasen skal dokumenterast og konsekvensutgreiast. Det skal utarbeidast ytre miljøplan i reguleringsarbeidet.*

*Det kan tillatast å regulere inn ei bru som kryssar elva på inntil 11,5 meter breidde for vegtilkomst. Plassering og utforming skal gjerast slik at konsekvensane for vassdraget vert minst mogleg.*

*Heimel: pbl. §§ 11-8, bokstav e og 11-9 nr. 1 , 3 og 8.*



## 2 Datalagringssenter

### 2.1 Bakgrunn

Samnanger kommune vart i 2015 kontakta av BKK for å sjå på moglegheit til å etablere eit datalagringssenter til regionen i Samnanger. Datasenterindustrien er den kraftkrevjande industrien som veks mest i verda akkurat no, og det er stort potensiale for vidare vekst. Regjeringa ønskjer næringa velkommen til Noreg, og i stortingsmelding 27 «digital agenda» kjem det fram at regjeringa ønskjer å styrke grunnlaget for databasert næringsverksemeld i Noreg. Bergensregionen har god tilgang på kraft, og Samnanger kommune ønskjer å vidareforedle denne ressursen.

Konsulentskapet Boston Consulting group, predikerer at minst 60 nye datasentre skal etablerast i Nord-Europa innan 2020. Noreg er rangert som nummer to på risikoindeksen som er utarbeidd av Cusman og Wakefield har utarbeidd. Noreg er attraktiv på grunn av mellom anna låge energikostnader, bandbredde, samt stabilt klima, økonomi og styresett. I tillegg vert god tilgang på fornybar energi, pålitelig strømnett og god tilgang til internasjonalt fibernet.

Hordalandsregionen vert i følgje Argon Consult trekt fram som ein region med fleire konkurransefortrinn for etablering av nye datalagringssenter, og Samnanger kommune og Børndalen er ein av fire lokaliteter i kommunen som vert anbefalt det vert arbeida vidare med.

### 2.2 Lokalisering

Det kan vere ein utfordring å finne gode tomter for lokalisering av datalagringssenter på vestlandet. Høge fjell og djupe daler med få store flater som ikkje er nytta til landbruk, er i konflikt med vassdrag, eller ligg i ras utsett område er vanskelege å finne. Alle lokaliteter me har undersøkt har et visst konfliktnivå. Likevel har me koment fram til eit område kor avbøtande tiltak kan redusere konfliktnivået til akseptabel risiko.

### 2.3 Alternativ lokalisering

Hordalandsregionen vert i følgje Argon Consult trekt fram som ein region med fleire konkurransefortrinn for etablering av nye datalagringssenter, og Samnanger kommune sin lokasjon, Børndalen er ein av fire lokaliteter i kommunen som vert anbefalt det vert arbeida vidare med.

Fylkeskommunen og Invest in Bergen, har i moglegskapsstudie «Avklare mulighetene for å realisere et eller flere datasentre i Hordaland» sett på kva alternativ for plassering som eksisterer i Hordaland, mens Samnanger kommune har sjølv sett på alternative lokaliteter innan kommunen sine grensar.

#### 2.3.1 Alternativ plassering i regionen

I arbeidet med å avklare moglege alternativ til lokalitetar i Hordaland har Invest in Bergen vurdert til saman 32 forslag, frå 13 kommunar til lokalitetar for mulige datasentrer. Disse lokalitetane er mellom anna vurdert i høve til areal, tilgang på kraft, redundans og fibertilgang.

Frå konklusjonen frå moglegskapsstudie «Avklare mulighetene for å realisere et eller flere datasentre i Hordaland» heiter det:

*Den vurderingen som er gjort av de innmeldte arealene, viser at regionen sitter igjen med fire områder som er mest aktuelle for å realisere til datasentre.*

*Dette gjelder følgende områder:*

- *Børdalen, Samnanger kommune*
- *Dale, Vaksdal kommune*
- *Matre, Masfjorden kommune*
- *Haugsværdalen, Masfjorden kommune*

### 2.3.2 Alternativ lokalisering i kommunen


I samband med BKK- sin førespurnad i 2015 om Samnanger kommune hadde nokre eigna område for etablering av datalagringssenter, vart følgjande fire lokaliteter satt fram som moglege alternativ:

- Areal ved Frølandsvatnet
- Areal på Totland
- Areal i Børddalen
- Areal i Tysselandsdalen

Det vart på grunnlag av på tidspunktet kjent informasjon utført ei siling av alternativa. Silinga vart utført i høve arealsituasjon, leveringstryggleik, dagens bruk og kjente konsekvensar, gjort ei siling av alternativa med omsyn til kor eigna areala var.

| Områdeskildring av silingsalternativ (frå 2015)                                     |   |
|---|---|
|    | <b>Areal ved Frølandsvatnet</b><br>LNF-område og i aktivt bruk til jordbruk (slåttemark). Området vert oversvømt når det er flaum i Frølandsvatnet/Samnangervassdraget.<br><br><i>Vurdering: Ikkje med vidare - For store inngrep i dyrkamark, samt lite eigna flaumutsette grunntilhøve. Ikkje aktuelt å regulera til anna føremål enn jordbruk.</i>   |
|   | <b>Areal på Totland</b><br>Den aktuelle delen av området er berre om lag 20 mål stort. Området er i arealplanen avsett til byggeområde. Kan kanskje vera aktuelt å regulera til næringsføremål.<br><br><i>Vurdering: Ikkje med vidare.- For lite areal. Tomten er topografisk lite eigna grunna høgdeforskjell (krevjar minst 35 m høg skjering). I tillegg vil nærføring til kulturmiljøet på Totland verte vesentleg.</i>   |
|  | <b>Areal i Børddalen</b><br>Gjeld areal mellom fylkesveg 7 og BKK sitt anlegg i Børddalen. Området ligg ca. 5 km frå Frøland kraftstasjon. Det er i delar av området lagra steinmassar etter bygginga av Tyssetunellen. Deler av området er nyleg gjort om til dyrkamark.<br><br><i>Vurdering: Med vidare- BKK vurderer området som interessant, god redundans. Utfordringar i høve kraftlinar, nyetablert dyrkamark, ras og verna vassdrag.</i>  |
|  | <b>Areal i Tysselandsdalen</b><br>Gjeld areal i Tysselandsdalen, om lag 1 – 1,5 km frå Frøland kraftstasjon. Området er i arealplanen ikkje avsett til næringsføremål. Det manglar infrastruktur i Tysselandsdalen. Det er ikkje eigna veg (berre ein därleg skogsveg), vassforsyning. Dagens veg frå Frøland til Tysseland er ikkje eigna for tungtrafikk.<br><br><i>Vurdering: Ikkje med vidare - Ikkje stort nok utbyggbart areal i området til at det oppfyller krava til "datasenter-tomt". Vil krevje omfattande etablering av kraftlinjer for å oppnå nødvendig redundans.</i> |

Frå kommunen og BKK sin grovsiling av lokaliteter var det berre Børndalen som vart vurdert interessant nok til å verte utgreidd vidare. Børndalen hadde vesentleg betre redundans (leveringstryggleik) enn dei andre alternativa.



I samband med oppstart av arbeidet av moglegskapsstudie «Avklare mulighetene for å realisere et eller flere datasentre i Hordaland» vart kommunane i Hordaland invitert til å komme med moglege lokaliteter for datalagringssenter.

Det kom i samband med dette inn eit forslag om å vurdere eit om lag 150da stort område i Raunebotnen.

Dette er eit av dei få områda med unntak av Børndalen som kunne vore eigna for datasenteretablering.

Området har ikkje konflikt med landbruksinteresser, men utfordringar i høve friluftsliv, verna vassdrag, og ligg i urørt natur. Om området skulle nyttast til datalagringssenter ville det krevje at ein etablerte ein ny kraftline på om lag 3,5 km ned til Samnanger transformatorstasjon. Det er heller ikkje køyrbar veg til området. Etter ein grovvurdering av konsekvensane valde Samnanger kommune å ikkje spille inn området til vurdering.

### 2.3.3 Konklusjon, alternativlokalisering

Med krav til tomtestorleik, leveringssikkerheit og tilstrekkeleg tilgang på fiber, er det ikkje mange plasser som er eigna for datasenteretablering. I vår kommune var det berre ein lokalitet som vart vurdert som tilstrekkeleg eigna. Vidare vart det i Hordaland vurdert at det berre var fire (mogleg fem) lokaliteter som var aktuelle. Skal ein satse på datalagringsenter i regionen vil difor Samnanger kommune med Børndalen vere svært aktuell.

### 3 Leveringstryggleik - Kraft

Samnanger transformatorstasjon dannar eit knutepunkt i transmisjonsnettet med forbindelser som går nord-sør og aust-vest. Transformatoren som mater dagens kraftoverskot ut på transmisjonsnettet er tungt belasta. Statnett sin vurdering i samband med konsesjonsøknad for ny transformatorstasjon er at det ikkje vil vere forsvarleg i høve drifta å knyte ny produksjon til underliggende nett.

Datalagringssenter brukar store mengder kraft. Med fullt utbygd datalagringssenter vil det vere trøng til å kunne ta ut 50MW. Om ein nyttar krafta ved transformatorstasjonen nært produksjonsstaden vil belastinga på transmisjonsnettet verte mindre. På førespurnad om BKK kan levere 50 MW med dagens nettstruktur svarer BKK følgjande:

Med dagens nettstruktur i Børdalen, vil det være mulig å etablere forbruk på opptil 100MW fra 132kV nettet, uten andre anbefalte tiltak enn å be Statnett vurdere å ha både dagens T1 og ny planlagt T3 som varme transformatorer, for sikre kort utetid ved transformatorfeil. Uten varm transformator vil 50MW være mulig, men reserve vil være noe mer variabel, vil avhenge av nok kraftproduksjon.

*Jan Ness – Seksjonssjef nettutvikling, BKK*


BKK kan altså med innan rimelig tid levere det dobbelte av det som en full utbygging i Børdalen krevjar. BKK har ikkje eige overordna nett. Det eiges og driftast av Statnett. Statnett søkte i Januar 2018 om å utvide transformatorkapasiteten i Samnanger transformatorstasjon. Det er naudsynt med auke i kapasitet for å kunne knyte ny kraftproduksjon til nettet. På førespurnad om eit uttak av 50MW i Børdalen vil verke inn på leveringstryggleiken til resten av regionen svarar Statnett:

De vurderingene som ble gjort til konsesjonssøknaden for økt transformatorkapasitet i Samnanger stasjon er vurdert, helt overordnet, at det ikke medfører endringer på sentralnetttnivå.

*Bente Rudberg – Prosjektleder, komplekse prosjekter, Statnett*

Det er altså tilstrekkelig kapasitet i nettet til å forsyne ønsket uttak av kraft til datalagringssenteret. Det er i tillegg gitt konsesjon på fleire nye vasskraftverk i regionen. Statnett har forventing om at det vil komme til saman ni nye kraftverk i området. Desse vil i følgje konsesjonssøknad om ny transformator ved transformatorstasjonen i Samnanger gi 68,3MW ny produksjon.

Basert på informasjon frå BKK Nett er det i tillegg potensiale for ytterlegare 25MW produksjon som vil sokne til Samnanger transformatorstasjon. Dette er hovudsaklig basert på at det er i gong eit moglegheitstudie knyta til Fosseelva i Kvam. Dette har ikkje Samnanger transformatorstasjon kapasitet til å transformere til nettet og Statnett planlegg utvidingar i tillegg til oppgraderingar på Frøland og Kvitingen.



Figur 2 - Nett rundt Samnanger transformatorstasjon med Statnett sin forventing om ny produksjon

På direkte spørsmål om kva Statnett må byggje, eventuelt kan unngå å byggje som konsekvens av at man tar ut 50MW svarar Statnett:

I analysene til konsesjonsøknad for økt transformatorkapasitet i Samnanger stasjon ble ikke dette analysert, men overordnet vurdert. Det er flere faktorer som spiller inn, men lokalt uttak kan redusere eventuelle behov for økt kapasitet mellom regional og sentralnettet. Det vil imidlertid ikke påvirke behovet for oppgraderinger som Statnetts vurderer på ledninger i nærområdet.

*Bente Rudberg – Prosjektleder, komplekse prosjekter, Statnett*


På spørsmål om utbygging av datalagringssenter på noen måte kan komme i konflikt med Statnetts framtidige planer for Samnanger transformatorstasjon svarer Statnett:

Av det oversendte planmateriale fremgår det at arealene som er foreslått til næringsområder i Børddalen ved Samnanger transformatorstasjonen ønskes benyttet til datalagringssenter. Datalagringssenter krever store mengder kraft, og det går frem at området anses som godt egnet på grunn av sin nærhet til transformatorstasjonen.

Statnett gjør oppmerksom på at energikrevende virksomhet vil kunne medføre behov for også å utvide stasjonen for å få tilstrekkelig transformeringskapasitet. Dvs at et stort datalagringssenter vil kunne være helt avhengig av at stasjonen har utvidelsesmuligheter på omkringliggende arealer, og at dette krever alle tillatelser som konsesjon, ekspropriasjonstillatelse, avtaler med grunneiere mv.

*Lars Erik Vindfallet Lauritsen – Høringskoordinator, Statnett*

Vidare presiserer Statnett at det er som på nordsida Statnett er opptatt av å ha handlingsrom jamfør vedlagt kart.



Figur 3 - Ønska handlingsrom for framtidig utviding- Statnett (blå stipla strek)

Samnanger kommune ser det som viktig at transformatorstasjonen til ein kvar tid har det potensiale for utviding som er naudsynt for å sikre vekst og leveringstryggleik, og vil legge tilhøva til rette for vekst. Arealet nord for transformatorstasjonen vert difor tilbakeført til Inf.

## 4 Samfunnsnytte

I Sverige har det vært satsa målretta på å leggje til rette for de store datasentra over fleire år. Denne satsinga har vore lønnsam og har skapt mange arbeidsplassar. Boston Consulting Group har på oppdrag frå Business Sweden laget rapporten «Capturing the data center opportunity». Tala i det følgjande er henta der ifrå.

Det totale økonomiske bidraget frå datasenterindustrien var SEK 13 milliarder i 2015. Når det gjelder tilsette heiter det i rapporten at 2 100 var tilsett direkte i datasentra, 1 600 har vært tilsett i høve med bygginga og 3 200 menneske arbeida i verksemder knyta til bygging og drift av datasentre.

Samnanger kommune har ikkje tal på kor mange arbeidsplassar utbygginga i Børddalen kan skape, men at det vert ein vesentlig auke i arbeidsplassar er å rekne med. Om me legg til grunn at det vert bygga eit datalagringscenter som nyttar 50MW kraft, vil ei forsiktig gjetting vere at dette kan skape om lag 100 nye arbeidsplassar (2/MW). Dette vil ha særslig positiv verknad for Samnanger som har høg utpendling av arbeidskraft. Datasenteret vil også ha positiv verknad for regionen. Det kan mellom anna nemnast styrking av forsking og utviklingsmiljø, regionen vil vere leverandør av konsulentenestar m.v. Det vil også gi større samfunnsnytte å bruke krafta nært produksjonskjelda. Dette gir lågare tap, og lågare krav til utviding av teknisk infrastruktur.

## 5 Vassdrag

Verdiane i verna vassdrag takast spesielt vare på gjennom føresegn i vassressurslova (kap. 5), naturmangfaldlova og bindande planer etter plan- og bygningsloven.

For å kunne ta vare på verneverdiane betre, også i forhold til andre typar inngrep enn vasskraftutbygging, er det utarbeidet Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag.

Retningslinene gjeld eit vassdragsbelte som famnar om vasstrengen (hovudelvar, sidebekkar, sjøar og tjern) og et område på inntil 100 meters bredde ut frå vasstrengen. Retningslinjene gjelder også andre deler av nedbørfeltet der det er dokumenterte verneverdiar.

Retningslinene er førande for kommunar, fylkeskommunar og statlig fagmynde. Dei skal ligge til grunn for planlegging etter plan- og bygningsloven, og skal tas med under vurdering av enkeltsaker. Det inneberer at både kommunar og sektormyndigheter må ta omsyn til verna vassdrag i sin planlegging og verksemd.

De nasjonale mål for forvaltninga av de verna vassdraga er gitt ved Stortingets handsaming av verneplanane for vassdrag, bl.a. i Innst.S. nr. 10 (1980-81).

For å oppnå måla, må det særlig leggjas vekt på å gi grunnlag for å:

- Unngå inngrep som reduserer verdien for landskapsbilde, naturvern, friluftsliv, vilt, fisk, kulturminner og kulturmiljø.
- Sikre referanseverdien i de mest urørte vassdraga, sikre og utvikle friluftslivsverdien, særlig i områder nær befolkningkonsentrasjonar,
- Sikre verdien knyta til forekomst/områder i dei vernede vassdragas nedbørfelt som det er faglig dokumentert at har betydning for vassdragets verneverdi.
- Sikre de vassdragsnære områdenes verdi for landbruk og reindrift mot nedbygging der disse interessene var en del av grunnlaget for vernevedtaket.

Vassdragsbeltets avgrensing og forvaltning bør differensierast etter registrerte verneverdiar og arealtilstand. Det rådast til at dette skjer i høve arbeidet med kommuneplanens arealdel. Eit hjelpemiddel i dette høve er å dele vassdragsbeltet inn i klassar. Omsynet med en inndeling i forvaltningsklasser er å få fram ulike kriterier for avveging av interesser i dei ulike avsnitt av vassdragsbeltet.

## 5.1 Differensiering av forvaltningsklasser

Samnanger kommune har ikkje differensiert vassdragsbeltet i ulike forvaltningsklassar i kommuneplanen sin arealdel slik som rettleiaren rår til.

Om dette var gjort, ville det vert naturleg å klassifisere Børdalen i forvaltningsklasse 2 som er:

Vassdragsbelte med moderate inngrep i selve vannstrekningen, og hvor nærområdene består av utmark, skogbruksområder og jordbruksområder med spredt bebyggelse

Forvaltingsmåla for klasse 2 er som følgjer:

- Hovudtrekka i landskapet må søkas opprettholdt.
- Inngrep som endrar tilhøva i kantvegetasjonen langs vasstrekningen og i de områder som oppfattast som en del av vassdragsnaturen, bør unngås.
- Inngrep som enkeltvis eller i sum medfører endringar av en viss grad i sjølve vasstrekningen, bør unngås.
- Leveområder for trua plante- og dyrearter og mindre områder med store verneverdiar bør gis særleg skydd.

Et sentralt virkemiddel for å skydde nærområda til vassdrag er PBL § 20-4, andre ledd bokstav a) og f). Føresegna gir moglegheit til å etablere et inntil 100 meter brent område langs vassdrag med enten forbod eller krav om reguleringsplan før det settast i verk tiltak.

På mange stader vil det være naturleg å gje området en smalare utstrekning enn 100 meter, fordi areala allereie er nytta til veg, jernbane eller tettbygd strøk. Området bør altså ikkje famne om meir enn det som naturleg hører saman med vassdraget, inkludert kulturminne og verdfulle kulturlandskap. Innanfor vassdragsbeltet er det ønskelig at vassdraget får utvikle seg på mest mulig naturleg vis

I kommuneplan vedteke av kommunestyret 13.12.2017, gjeld følgjande for vassdrag:

- 13.2. Tiltak langs vassdrag kan ikke byggjast ut i område potensielt utsatt for flaum og erosjon. Der det ikke ligg føre utgreiing av flaum og erosjonfare, gjeld generelle byggegrenser jamfør pkt. 13.4.  
*Heimel: pbl. §§ 1-8, 11-9 nr.5 og 11-11 nr.5*
- 13.3. Tiltak langs vassdrag kan ikke byggjast ut før det ligg føre fagkunnig vurdering av natur-, kultur-, friluft- og verneverdiar. I område kor det ikke ligg føre slik vurdering, gjeld generelle byggegrenser jamfør pkt. 13.4.  
*Heimel: pbl. §§ 1-8, 11-9 nr.5 og 11-11 nr.5*
- 13.4. Byggjegrense mot vatn, elvar og vassdrag er 50 meter med oppstraums nedslagsfelt større enn  $20 \text{ km}^2$ .  
Byggjegrense mot vatn, elvar og vassdrag er 20 meter med oppstraums nedslagsfelt mindre enn  $20 \text{ km}^2$ .  
Byggjegrense langs mindre bekker utan dokumenterte natur- eller ålmenne interesser som renn gjennom etablert/regulert busetnad i byggjeområde er 5 meter.  
Annен byggegrense fastsatt i kommuneplanen sin arealdel eller reguleringsplan gjeld framfor byggegrenser etter pkt. 13.4.  
*Heimel: pbl. §§ 1-8, 11-9 nr.5 og 11-11 nr.5*
- 13.5. Tiltak langs vatn, elvar, vassdrag og bekkar skal ikke plasserast slik at kantvegetasjon vert råka.  
*Heimel: pbl. §§ 1-8, 11-9 nr.5 og 11-11 nr.5*

Figur 4-Utrekk frå føresegner-Kommuneplanen sin arealdel 2017-2027


Børdalen har nedslagsfelt mindre enn  $20 \text{ km}^2$ . Det medfører etter føresegn 13.4 at byggjegrensa mot vassdrag er 20 meter.

Areal i vassdragsbeltet langs vasstrekken som ikke bandleggast, bør etter rikspolitiske retningslinar for verna vassdrag leggjast ut til landbruks-, natur- og friluftsområde i kommuneplanens arealdel, PBL § 20-4, første ledd nr 2.

Avhengig av verneverdiar og arealtilstand, bør bygge- og anleggstiltak i vassdragsbeltet enten ikke tillatast, eller bare tillates om tiltaket inngår i reguleringsplan.

## Tiltak:

Det er sett krav om reguleringsplan med gjennomføringssone H810\_30 i kommuneplanen, og arealet langs vasstrekken vert tilbakeført til Inf- område. Tilbakefører også arealet som er bandlagt rundt transformatorstasjonen.



## 5.2 Kantvegetasjon - Vassressurslova

Kantvegetasjon er i følge uniResearch rapport nr.296 – Tiltakshandbok for betre vassmiljø det naturlege og viltveksande plantelivet langs vassdraget som dekker sonen fra vasskanten og opp til flaumsikkert land.

Kantvegetasjonen er særsviktig for plante og dyreliv i og ved vassdraget, ikke minst for å tilføre næringsgrunnlag for fisk. I tillegg kan kantvegetasjonen være med på å motverke erosjon langs elvebredda og bremse flaumvatn. Kantvegetasjon kan både bidra til flaumdemping, men også bidra til lokal oversvømming.

Kantvegetasjon kan også bidra til å redusere forureining i vassdrag når sedimenter og næringsalter filtrerast og takast opp i kantvegetasjonen.

For fisken er også kantvegetasjonen viktig fordi bladverk, greinar og røter gir skydd og skugge langs elvebredda.

Vassressurslova §11 krevjar at den naturlege kantvegetasjonen skal takast vare på.

Fra lov om vassdrag og grunnvatn (vassressurslova) heiter det:

§11 – Kantvegetasjon


*Langs bredden av vassdrag med årssikker vannføring skal det opprettholdes et begrenset naturlig vegetasjonsbelte som motvirker avrenning og gir levested for planter og dyr. Denne regelen gjelder likevel ikke for byggverk som står i nødvendig sammenheng med vassdraget, eller hvor det trengs åpning for å sikre tilgang til vassdraget.*

Det inneber ikkje eit krav om å etablere, eller utvide eit slikt vegetasjonsbelte der det ikkje fins, så sant det ikkje er fjerna i strid med regelverket, men at den naturlege kantsonen frå vasskanten og opp til flaumsikkert land skal takast vare på.

Så langt det er nødvendig for å nå mål om ivaretakelse på lang sikt og levedyktige bestander i naturlig utbredelsesområder, skal også artens økologiske funksjonsområder ivaretas. Dette omfatter leveområder og andre områder med særlig funksjon for artens livssyklus, for eksempel hekkeområder og gyteområder.

### 5.3 Alternativ nord

#### 5.3.1 Arealbruk



Figur 5 - Dagens situasjon, nord

| Nr. | Bruk           | Skildring   |
|-----|----------------|---|
| N01 | Open fastmark  | Dette er ein haug som det veks naturleg spreidd blandingsskog, hovudsakleg bjørk.   |
| N02 | Kantvegetasjon | Varierande breidde på kantvegetasjon. Nokon kantvegetasjon mot N01 og N04, hovudsakleg bjørk. Så godt som ingen kantvegetasjon mot N03                        |
| N03 | Fulldyrka      | Dette er eit fulldyrka området som er i produksjon.   |
| N04 | Innmarksbeite  | Dette er ein blanding utav innmarksbeite og myr. Området er därleg drenert og deler av området vert oversvømt ved store nedbørsmengder/ høg vassføring.       |
| N05 | Myr            | Om lag same situasjon som for N04, men området er i tillegg klassifisert som myr i AR5.   |
| N06 | Fulldyrka      | Området er klassifisert som fulldyrka i AR5, men det er ikkje spor etter at området drivast på nokon måte.  |
| N07 | Kantvegetasjon | Ein kraftig rekkje av bjørk og or veks i vasskanten mot N03, N05 og N06. Trerekka er viktig å ta vare på både med omsyn til dyreliv, og for å hindre erosjon. |



Bilete 1- Kantvegetasjon og erosjon

Elvekanten har vesentlege spor av erosjon. Det er på longe strekk ikkje kantvegetasjon i det heile. Dette førar til at elva grev ut den dyrka marken. For å betre kunne vurdere om området er egna for etablering av datalagringssenter var det naudsynt å få eit overblikk over grunntilhøva.

Me sjekka djupna på torvlaget og overgangen mellom torv og mineraljord 4 plassar langs elva. Vi sjekka og djupna på myr med jordspyd, alle plassar vi sjekka var torvlaget over 1 meter.

På alle plassane er det 1-1,5 meter med font omdanna torv. I overgangen mellom torv og mineraljord er det fin sand og silt. Desto lenger ned i mineraljorda ein kjem så vert massane grøvere, mykje er gammal elvegrus.

Mykje av arealet er myrlendt og blaut. Areala har potensiale for landbruksdrift men har trong for omfattande drenering og/eller omgraving av myrene.

Ein del er framleis fulldyrka mark, medan noko av arealet som har tidlegare vore overflatedyrka no er klassifisert som innmarksbeite. Ein del av myr har ikkje vore dyrka men er registrert som dyrkbar jord, det vil krevjast omfattande tiltak for å dyrke opp arealet.




Bilete 2 - Sprengt kanal (ukjent tidspunkt- før 1962)


I sørlegaste del av området er det sprengt ein kanal som har gitt elven eit nytt elveløp. Sannsynlegvis var heile arealet myr før kanalen vart oppretta. Dette kan støttast av at det er 1-1,5 meter med omdanna torv, og elvegrus under det.

## 5.4 Kartlegging kantvegetasjon

### 5.4.1 Alternativ sør



| Nr. | Bruk              | Skildring   |
|-----|-------------------|---|
| S01 | Plantefelt gran   | Naturleg vegetasjonsfelt i stor grad fordrevet av granskog. Det er planta gran ned til om lag 2 meter fra vasstrengen.  |
| S02 | Kantvegetasjon    | Naturleg kantvegetasjon, avgrensa av plantefelt (S01) og eksisterande steinfylling (S05). Tidlegare beite, nå naturleg revegetert med bjørk, or, og brake(einar).                     |
| S03 | Naturleg vegetert | Jorddekt open fastmark mellom veg og kantvegetasjon (S04).  |
| S04 | Kantvegetasjon    | Dette området er brattare enn resten av elvestrengen. Elven har naturleg «skjert» seg ned i terrenget. Kort horisontalavstand til flaumsikkert land gir smalere kantvegetasjonsbelte. |
| S05 | Steinfylling      | Område er en steinfylling. Fylt ut i samband med bygging av Tyssetunellen.  |
| S06 | Fulldyrka         | Et område i underkant av 12 daa som vart lagt jordmasser og fulldyrka i samband med deponering av massar frå bygging av Tyssetunellen.  |
| S07 | Naturleg vegetert | Lauvskog og myr. Naturleg vegetert  |



Figur 6- Dagens situasjon, sør.

#### 5.4.2 Oppsummering kantvegetasjon



Bilete 3 - Kantvegetasjon, fylling og plantefelt

For det sørlege alternativet er situasjonen til kantvegetasjon relativt definert mellom plantefelt og fylling. Utbygging av datalagringssenter ligg i tillegg på fylling, mykje høgare enn kantvegetasjonen.

Byggegrensen mot vassdraget er i kommuneplanen sin arealdel §13.4 satt til 20 meter med oppstraums nedslagsfelt mindre enn 20 km<sup>2</sup>. For det sørlege alternativet vil byggegrensen vere tilstrekkelig til at den naturlege kantvegetasjonen vert spart og vassdraget får utvikle seg på naturlig vis.

## 6 Fisk- og ferskvassbiologi


Samnangervassdraget er det største vassdraget som drenerer til Samnangerfjorden med eit samla nedbørsfelt på 241 km<sup>2</sup> og ein middelvassføring på 13m<sup>3</sup>/s.

Det er registrert eit gyteområde (små/mindre viktig) i nedre delen av Børåselva, samt fleire viktige nedstraums.

Det er viktig at det ikkje vært tilført for mykje finpartikulært materiale til elva, noko som kan vere med å redusere kvaliteten på gyteplassane.

Samnangervassdraget har i følgje rapporten «Utbygging i Samnangervassdraget og Aldalselva – Konsekvensutredning for fisk og ferskvannsbiologi» en potensielt samla anadrom strekning på

10,8 km og et produktivt areal på 170.000m<sup>2</sup>. Dette er fordelt på Tysseelva med 1,8km og 54.000m<sup>2</sup>, Frølandselva med 5km inkludert 2km i Børåselva til saman 80.000m<sup>2</sup> og Storelva med 4km og 48.000m<sup>2</sup>. I tillegg kommer Frølandsvatnet som har eit areal på 371.000m<sup>2</sup> og ein strandline på 3,5km.



Figur 7- Gyteområder på den anadrome strekninga av Tyssevassdraget



Figur 8- Bestandtilstand i Tysseelva - Lakseregisteret

I 2010 vart det vurdert at med tilstrekkelig naturlig gyting i nedre deler, og utlegging av egg i øvre deler, kan det under optimale tilhøve produserast nærare 20.000 laksesmolt, og 10.000 – 15.000 auresmålt kvart år.

Sidan den gang har situasjonen forverra seg, og i følgje kategorisering i

lakseregisteret i 2013 vert bestandtilstanden vurdert som kritisk eller tapt for laks, og sårbar for


sjøaure. Både forsuring, lakselus, rømt oppdrettslaks og vassdragsreguleringar reknast å ha avgjerande verknad på bestandtilstanden til laks. Lakselus og vassdragsreguleringar reknast å ha avgjerande verknad på bestandtilstanden til sjøaure.

#### Rømt oppdrettslaks

I følgje rapporten «Risikovurdering norsk fiskeoppdrett» (Havforskningsinstituttet, 2018) har Hordaland ein av dei største innslaga av rømt oppdrettslaks i landet. 12 av 32 vurderte vassdrag er klassifisert til å ha høgare enn 10% innslag av rømt oppdrettslaks. Tysseelva ligg klassifisert i høgaste verdi. 37,5 % av elvane i hordalandsregionen hadde altså meir enn 10 % innslag rømt oppdrettslaks, mot 12,2% på landsbasis.

#### Lakselus

Lakselus er eit stort problem i Samnangerfjorden, og derav også bestanden i Tysseelva og Frølandselva.



Figur 9 – Dødelegheit relatert til lakselus, estimert for alle elvane i produksjonsområde i 2016 og 2017

Figuren syner at dødelegheita relatert til lakselus har falt med om lag 5% frå 2016 til 2017. Dette er gode nyhende for vassdraget. Det er sjølv sagt for tidleg å sei om dette er tilfeldig variasjon, men situasjonen har ikkje vore forverra.

#### Raudlisteartar

Det er ved gjentekne drivteljingar ikkje vert observert elvemusling i vassdraget. Det ligg heller ikkje føre nokon informasjon om at det tidlegare har vore registrert elvemusling i vassdraget. Det er heller ikkje påvist ål i vassdraget. Det kan ikkje utelukkast at det sporadisk kan vandre ål i vassdraget, men grunna at dei nedre partia av Tysseelva er bratte med stri straum, er det lite truleg. («Konsekvensanalyse for fisk og ferskvannsbiologi» Rådgivande biologer 2010)

#### Konsekvensar av anleggsarbeid

Tilførsel av steinstøv kan påføre skader på fisk og botndyr og føre til generell redusert biologisk produksjon i vassdragene. Det er dei største og kvassaste steinpartiklene som utgjer direkte fare for fisk. Avrenning frå massedeponi og anleggsområde kan også resultere i tilførsel av sprengstoffrester som ammonium og nitrat. Om det slipp ut ammoniakk frå anlegget kan dette sjølv ved låge konsentrasjoner føre til giftverknad for dyr som lever i vatnet.

## 6.1 Verdivurdering

Det er ikkje nokre prioriterte naturtypar som bekkekløft eller fosserøyksonar knyta til dei aktuelle vassdragsdelene, men den andronome delen av Samnangervassdraget (alt nedstraums frå Børtdalen) har gytedområde for både laks og sjøaure. Dette vurderast som «viktige» fiskeartar, og elvestrenget kan difor karakteriserast som «nøkkelbiotop» og «prioritert lokalitet».

| Fisk- og ferskvassbiologi                   | Verdi           |         |      |
|---|-----------------|---------|------|
|   | Liten           | Middels | Stor |
| Gyte- og oppvekstområde for laks og sjøaure | ----- ---X----- |         |      |

## 6.2 Verknad og konsekvens

| Fisk- og ferskvassbiologi                   | Verknad           |                 |             |                 |              |
|---|-------------------|-----------------|-------------|-----------------|--------------|
|   | Stor negativ      | Middels negativ | Liten/ingen | Middels positiv | Stor positiv |
| Gyte- og oppvekstområde for laks og sjøaure | -----X----- ----- |                 |             |                 |              |

Med middels verdi, og middels negativ verknad, vert konsekvensen av tiltaket vurdert som middels negativ. Då bestandtilstanden i vassdraget er svært sårbar vil det vere trøng for avbøtande tiltak. Nye steintippar vil innehalde store mengder nitrogenforbindelsar, som kan vere giftige for fisk. Giftigheten kan reduserast ved at vatnet vert godt lufta i sedimenteringsbasseng, før det slippes ut i vassdraget. Det skal difor vurderast trøng for etablering av avskjeringsgrøft og sedimenteringsbasseng for oppsamling av avrenningsvatn. Avrenning skal dokumenterast og konsekvensutgreiaast på tiltaksnivå. Det skal også utarbeidast ytre miljøplan i reguleringsplanarbeidet.

Tiltak:

### Tilleggstekst til gjennomføringssone H810\_30:

*Avrenning fra anlegget skal dokumenterast og konsekvensutgreiaast. Det skal utarbeidast ytre miljøplan i reguleringsarbeidet.*

## 7 Landskap

### 7.1 Landskapsverdi


Landskapet er samansett av ei rekke fysiske komponentar forma av naturprosessar og av menneskeleg inngrep og aktivitet. Eit område sin landskapsverdi er sett saman av ein eller fleire landskapselement, som til dømes terregnformer, særegne element i landskapet, landemerke og kulturhistoriske element. Ubrotne drag og liner i landskapet; som horisont - er døme på grunnleggande estetiske kvalitetar. Landskapet sin verdi vil i stor grad også vere knytt til opplevinga av dette, både som fysisk og kulturelt landskap.

#### 7.1.1 Metode

Rettleiaren “Råd om landskap i kommunal planlegging i Hordaland” inneheld råd om korleis ein i planarbeid kan ta omsyn til landskap og medverke til at nye byggjetiltak og infrastruktur innordnar seg dei fysiske omgjevnadene.

Metode for verdivurdering av landskapet, samt landskapet sin sårbarheit, blir utført i samsvar med NIJOS referansesystem for landskap. Lokaliteten ligg under *Midtre bygder på Vestlandet*; Landskapsregion 22, Landskapstype 22.8

Vurdering av karakterområder etter «NIJOS-metoden» og Landskapkartlegging, er gjort av Aurland Naturverkstad.



Figur 10 - Landskapsverdi for området er middels verdi

Store fjordar med langstrakte vassflater, tronge og kuperte dalar, skogkleddie lier, rennande vatn og jordbrukslandskap i brattlendt terrenge er karakteristisk. Børndalen er klassifisert til middels verdi i klassen for landskapsverdi. Dvs. at det er eit vanleg førekommende landskap. Området frå fv. 7 til Statkraft sin trafostasjon er prega av store inngrep. Ikkje minst grunna at det i samband med utbygging av Tyssetunellen er det plassert enorme steinmasser mellom fv 7 og trafostasjonen.

Steinfyllinga har totalt endra karakteren på denne delen av dalføret. På dei høge fjellplatåa som omkransar den langstrakte trone dalen tårnar dei store høgspent - mastene som alle finn vegen inn til Børndalen trafostasjon. Vidare innover dalen er prega av landbruksflater og kulturhistorie.

Elva renn igjennom dalen og er relativt eit urørt element som gjev stor inntrykksstyre i opplevinga av det «nære» dalføret. Steile skogkledde lier med store granfelt, er karakteristisk,. Verdien av landskapsbildet i planområdet er vurdert som Liten; jf. NIJOS (Norsk institutt for jord- og skogkartlegging) sitt referancesystem for landskap. [www.skogoglandskap.no/kart/landskapsregioner](http://www.skogoglandskap.no/kart/landskapsregioner).



Bilete 4- Oversiktsbilete sør



Figur 11- Typisk trøngt dalføre orientert i sør - nord retning

## 7.2 Omfang av nytt inngrep

Omfanget skildrar kor store endringar tiltaket vil medføre for landskapsbildet i planområdet. Omfanget er ein kombinasjon av nye verknad av inngrep, kor synleg utbygginga vil verte både frå nært og fjernt, og visuelle verknadar av det nye terrenginngrepet samla.

## 7.3 Alternativ sør

### 7.3.1 Inntrykkstyrke fjernverknad

Nytt datasenter er tenkt på den massive steinfyllinga mellom trafostasjon og fv. 7. Arealbeslaget er berekna til 24 dekar som er i seg sjølv eit svært stort landskapsinngrep. Grunna den massive steinfyllinga her vil landskapsinngrepet verte nok mindre sårbart vurdert i høve til om det ikkje hadde vore ei massiv steinfylling her.

Landskapet er sårbart for store inngrep. Dalen er allereie bygd ut med både trafostasjon og 5 høgspent liner. Datasenteret er tenkt bygd ut i tre trinn, kvar på 8.000m<sup>2</sup>. Ei utbygging på 24 dekar vil ytterlegare industrialisere området og endre inntrykket av dalen. Saman med dei tidlegare utbyggingane i Børddalen,(jf. trafostasjon, 5 høgspentlinje-traseer og ein gigantisk fylling) vil eit nytt datasenter i denne storleiken stå fram som svært visuelt negativt. Ein kan samtidig seie at eit næringsbygg på ca. 24 dekar- plassert i eit trøngt og steilt «industrielt» dalføre, er ei forventa utvikling aktivitet av området.

Verdi: *Liten*

Omfang/ verknad: *Stor negativ*

### 7.3.2 Inntrykkstyrke nærverknad

Nærverknaden er eit aktuelt tema her; då det bur folk i nærleiken. Gardane nord for trafostasjonen ligg i eit mindre definert landskapsrom. Gardande her er lite råka av nærverknad frå trafostasjonen i dag. Eit framtidig datasenter; vil ikkje råke gardane grunna høgda til bergkollen som definerer det underordna landskapsrommet, jf, fig.2. Opplevd frå bakkeperspektivet vil bergkollen skape eit tydelige landskapsrom som avgrensar synsranden frå gardane. Det er få bustandar her, og omfanget av nærverknaden vert då mindre negativ.

Verdi: *Liten*

Omfang/ verknad: *Liten negativ*

### 7.3.3 Konsekvens

Konsekvens: **Middels til stor negativ (--)**

Sumverknadane av at det er trafostasjon i den sørlege delen av dalføret, 5 høgspent-linjer, ein gigantisk steinsfylling og fv 7- og at det no er planlagt eit nytt stort datasenter- vil få middels/store negative konsekvensar for inntrykket av det overordna landskapet i denne delen av dalføret.

Landskapskarakteren vil gje ei stor negativ landskapsendring ved det 24 dekar store bygget som vert plassert på den massive steinfyllinga. Dette vert også vurdert ut ifrå at området i dag gjev ei relativt sterkt inntrykk av å vere «industrialisert», og ei vidare utbygging i dalføret vil vere ein forventa aktivitet/ utvikling.

## Vurdering av landskapskarakter

Verdisetting ut fra fastsatte kriterier, (Veileder M.dir/RA 2011)

- Mangfold og variasjon
- Tidsdybde og kontinuitet
- Helhet og sammenheng
- Brudd og kontrast
- Tilstand og hevd
- Inntrykkstyrke og utsagnskraft
- Lesbarhet
- Tilhørighet og identitet

Vurderes etter 5 delt skala

| Påvirkning<br>Verdi | Stor negativ<br>påvirkning                     | Middels<br>negativ<br>påvirkning          | Liten negativ<br>påvirkning               | Positiv<br>påvirkning    |
|---------------------|--|---|---|--------------------------|
| Svært stor<br>verdi | Svært store<br>negative<br>konsekvenser<br>--- | Store negative<br>konsekvenser<br>---     | Middels<br>negative<br>konsekvenser<br>-- | Positive<br>konsekvenser |
| Stor verdi          | Store negative<br>konsekvenser<br>--           | Store negative<br>konsekvenser<br>--      | Middels<br>negative<br>konsekvenser<br>-- | Positive<br>konsekvenser |
| Middels<br>verdi    | Middels<br>negative<br>konsekvenser<br>--      | Middels<br>negative<br>konsekvenser<br>-- | Små negative<br>konsekvenser<br>-         | Positive<br>konsekvenser |
| Liten verdi         | Små negative<br>konsekvenser<br>-              | Små negative<br>konsekvenser<br>-         | Små negative<br>konsekvenser<br>-         | Positive<br>konsekvenser |
| Ubetydelig<br>verdi | Små negative<br>konsekvenser<br>-              | Små negative<br>konsekvenser<br>-         | Små negative<br>konsekvenser<br>-         | Positive<br>konsekvenser |





Fig.3 Areal som er rammet inn som visuelle element/ sterke sanseinntrykk i landskapet er sårbare for inngrep. I tillegg vil sjølv sagt inngrep i kulturlandskapets innmark, gardstun, på særmerkte og høgreiste bergnabbar som definerer lokale rom- og/så være sårbare for inngrep.



Figur 12 - Dei store, samanhengande landbruksflatane sør for trafostasjonen ( blå pil) er eit karakteristisk og sårbart landskapselement

## 7.4 Alternativ nord

### 7.4.1 Landskapsverdi

Nordre del av landskapet er prega av landbrukets kulturhistorie. Det står fram som kontrastfullt med ubrotne drag og liner i naturlandskapet; tett på menneskeleg inngrep og aktivitet i kulturlandskapet. Dei steile høgdedraga som omkransa landskapsrommet forsterkar dei kontrastfylte opplevingane både som fysisk- og kulturelt landskap.

Elva renn igjennom dalen; gjev stor inntrykksstyre i opplevinga, men er enkelte stadar lagt i rør gjennom jordbrukslandskapet. Steile skogkledde lier, til dels store granfelt, er karakteristisk. Verdien av landskapsbildet i planområdet er vurdert som liten  
jf. NIJOS (Norsk institutt for jord- og skogkartlegging) sitt referansesystem for landskap.  
[www.skogoglandskap.no/kart/landskapsregioner](http://www.skogoglandskap.no/kart/landskapsregioner).

#### 7.4.2 Inntrykkstyrke fjernverknad

Nytt eventuelt datasenter vil ligge på flata naturleg definert av elva sitt løp, og trafostasjonen. Dei samanhengande store landbruksområda som naturleg høyrer til landbrukmiljøet i dalen, er i hovudsak plassert til nordsida av elva. Det er berre to små fulldyrka teiger på sørsida av elva.

Sørsida av området med å definere landskapsrommet, og fungerer som ein slags buffer mot dei store inngrepa ved transformatorstasjonen.

Eit bygg på over 20.000 m<sup>2</sup> vil vere særdominerande. Likevel vil fjernverknaden ikkje bli så stor grunna at tiltaket ligg mot eit definert drag i terrenget, og vil ikkje stå i silhuett, og vere med å skydde mot fjernverknaden av transformatorstasjonen. Om området vert bygd er det særskilt viktig å ta vare på trerekka langs elva som gir ein demping av intrykkstyrke av eit eventuelt tiltak.

Verdi: Liten

Verknad: Stor negativ verknad

Konsekvens: **Små negative konsekvensar**

#### 7.4.3 Inntrykkstyrke nærverknad

Nærverknaden på gardsmiljøet og dei som bur der vil vere eit aktuelt tema her. Gardane nord for trafostasjonen ligg i eit mindre definert landskapsrom. Gardane her er lite råka av nærverknad frå trafostasjonen i dag, mens eit framtidig datasenter vil trekke industrien nærmare på busetnaden. Tiltaket vil plasserast framom den vetele bergkollen som definerer det underordna landskapsrommet. Opplevd frå bakkeperspektivet vil datasenteret til dels bryte det tydelige landskapsrommet som avgrensar synsranda frå gardane. Det er få bustandar her, og omfanget av nærverknaden vert då mindre negativ.

Verdi: Liten

Verknad: Stor negativ verknad

Det vil etter metodikken for vurdering av landskapskarakter verte små negative konsekvensar av tiltaket. Etter diskusjon i tverrfagleg gruppe vert konsekvensen justert opp til middels negativ

Konsekvens: **Middels negative konsekvensar**



Figur 13 - Alternativ nord, sett frå gardane

## 8 Landbruk

### 8.1 Arealressurs sør:

Etter arealbruken på sørsida av transformatorstasjonen vart redusert for å sikre kantvegetasjonen langs elva, er det foreslegne næringsarealet på til saman 48 daa.

I samband med arbeid med Tyssetunnelen vart det i Børtdalen etablert eit permanent massedeponi. På massedeponiet er det utført eit nydyrkingsprosjekt.

På stein og jordmassane er det lagt på om lag 30 cm solda jord og sådd i. Dette er no eit fulldyrka areal på 11,13 daa. Det må altså flyttast 3.300m<sup>3</sup> solda jord, og inntil 7.800 m<sup>3</sup> grovare jordmassar.



Figur 14- Frå etableringa av dyrkamark i 2015

| Arealressurs  | Storleik |
|---|----------|
| Fulldyrka mark (nydyrka, skog og open fastmark i AR5) | 11,1 daa |
| Myr   | 2,0 daa  |
| Steinfylling (open fastmark)                          | 8,9 daa  |
| Lauvskog med høg bonitet                              | 26,0 daa |
| I alt:  | 48 daa   |

#### 8.1.1 Verdivurdering

| Verdivurdering   |            |       |         |       |           |
|------------------|------------|-------|---------|-------|-----------|
|                  | U/betyding | Noko  | Middels | Stor  | Særs stor |
| Arealressurs sør | -----      | ----- | -X----- | ----- | -----     |


Verdivurderinga er satt til middels verdi på grunn av området er nydyrka med overskotsmasser.

#### 8.1.2 Påverknad

| Påverknad        |                 |          |               |                     |          |
|------------------|-----------------|----------|---------------|---------------------|----------|
|                  | Sterkt forringa | Ferringa | Noko forringa | Ubetydelig forringa | Forbedra |
| Arealressurs sør | -----           | -----    | -X-----       | -----               | -----    |

Påverknaden av tiltaket er sett til noko forringa då tiltaket vil føre til vil føre til ei mindre omdisponering av dyrka mark.

#### 8.1.3 Konsekvens



Tiltaket vil gje **noko negativ konsekvens (-)** for landbruket.

Figur 15- Konsekvensvifte hb-V712

## 8.1.4 Skadereduserande tiltak

Det er satt krav om at dyrkamarka skal takast vare på og flyttast til andre nydyrkingsprosjekt. Det er fleire eigna lokaliteter lokalitetar for nydyrkning i nærleiken. Det er Bjørnefjorden landbrukskontor som på vegne av kommunen godkjenner nydyrkingsprosjekt. På spørsmål om eigna lokaliteter svarar Bjørnefjorden landbrukskontor følgjande:

Dersom ein vurder eit område i ein radius av 4 km har ein fleire plassar som kan vere aktuelle for å flytte desse massane til.

Pr. dags dato har vi ein søknad om nydyrkning som no er til handsaming innanfor dette området. Dette vil kunne vere ein aktuell plass for desse massane. Det er fleire aktive gardbrukarar i nærområdet som har trøng for meir areal, spesielt slåttemark som tåler dagens driftsformar.

Kor desse massane skal flyttast til må avklarast i samband med ein reguleringsprosess, det vert då opp til tiltakshavar å finne plassar til dette. Vurderinga til landbrukskontoret er at det finnast aktuelle plassar til dette i rimeleg nærleik til Børndalen.

*Johan Bergerud – Bjørnefjorden landbrukskontor*

På grunn av at all jorda skal takast vare på, og at jorda ikkje er gammal landbruksjord vil konsekvensane for den fulldyrka jorda avgrensast til tapt produksjon i anleggfasen. Teigen som i dag nyttast til slåttemark er på 11,1 daa. Om me reknar at det vert tre års tapt produksjon i høve flytting av jorda, og reknar at området produserer mellom 400-450 foreiningar per mål vil tapet avgrensast til om lag 14.000 foreiningar. Prisen per foreining er varierande, men om me tek utgangspunkt i 2,50 kr/FE vil det økonomiske tapet vere om lag 35.000 kr.

Når jorda skal nyttast til nydyrkingsprosjekt i nærleiken vurderast konsekvensen som **ubetydelig for landbruket**

## 8.2 Arealressurs nord

Etter arealbruken på nordsida av transformatorstasjonen vart redusert for å sikre kantvegetasjonen langs elva, er det foreslegne næringsarealet på til saman 46 daa.

| Arealressurs  | Storleik |
|---|----------|
| Fulldyrka mark (nydyrka, skog og open fastmark i AR5) | 8,6 daa  |
| Myr   | 11,4 daa |
| Innmarksbeite   | 26,0 daa |
| I alt:  | 46 daa   |

Den fulldyrka marken er fordelt på to teigar på til saman 8,6 daa. På grunn av at dei delane som står igjen av dei to dyrka teigane vert så små at det ikkje vil vere lønnsamt å drive er det i vurderingane tatt med heile teigane. Konsekvensane for fulldyrka jord reknast difor som 12,9 daa.

Elvekanten har langs den fulldyrka marken har vesentlege spor av erosjon, og elva grev ut den dyrka marken. Noko av arealet som har tidlegare vore overflatedyrka no er klassifisert som innmarksbeite. Ein del av myr har aldri vore dyrka men er registrert som dyrkbar jord. Det vil krevjast omfattande tiltak for å dyrke opp arealet.

Jorda er for det meste torv i 1-1,5 meters djup. I overgangen mellom torv og mineraljord er det fin sand og silt. Desto lenger ned i mineraljorda ein kjem så vert massane grovare, mykje er gammal elvegrus.

Mykje av arealet er myrlendt og blaut og jorda er vassjuk. Arealet har potensiale for landbruksdrift men har trong for omfattande drenering og/eller omgraving av myrene.



### 8.2.1 Verdivurdering

Figur 16 - Prøvetaking jordsmonn

| Verdivurdering    |            |       |             |       |           |
|-------------------|------------|-------|-------------|-------|-----------|
| Arealressurs nord | U/betyding | Noko  | Middels     | Stor  | Særs stor |
| Fulldyrka         | -----      | ----- | -----X----- | ----- | -----     |
| Innmarksbeite     | -----      | ----- | -X-----     | ----- | -----     |


Verdivurderinga er satt til middels verdi på grunn av at jordsmonnet er organisk omdanna torv.

### 8.2.2 Påverknad

| Påverknad         |                 |          |               |                     |          |
|-------------------|-----------------|----------|---------------|---------------------|----------|
|                   | Sterkt forringa | Ferringa | Noko forringa | Ubetydelig forringa | Forbedra |
| Arealressurs nord | -----           | -----    | -X-----       | -----               | -----    |

Påverknaden av tiltaket er sett til noko forringa då tiltaket vil føre til vil føre til ei mindre omdisponering av dyrka mark.

### 8.2.3 Konsekvens



Tiltaket vil gje **noko negativ konsekvens (-)** for landbruket.



Figur 17- Konsenkvensvifte hb-V712

### 8.2.4 Skadereduserande tiltak

Om området vert nytta til næringsareal for datalagringsenter skal jorda nyttast andre plassar til nydyrkingsprosjekt. Det vil i så fall vere trong for omfattande masseutskifting. Jordprøvene i området synte eit lag med mineraljord dekt av mellom 1-1,5 meter med omdanna torv. Ved masseutskifting ville man kunne få den meir verdfulle mineraljorda til overflaten, mens den organiske torvjorda kunne vært nytta til underlag/ fyllmasse. Ein kunne fått den same effekten ved å grave om massane på plassen, men dette vil truleg ikkje gjerast utan eit drivande prosjekt. Flytting av massar er negativt i høve auke i transport, potensiell avrenning til elv og mykje anna, men vil gje ein **noko forbetra konsekvens (+)** for landbruket.

## 9 Kulturminner og kulturmiljø

### 9.1 Områdeskildring og verdivurdering

|   |   |
|---|---|
|    | <p><b>KM01 - Hellaren</b><br/> Dette er et automatisk freda arkeologisk minne som vart registrert i samband med etablering av ny 420kV kraftline frå Sima til Samnanger i 2008.<br/> Minne er ein hellar under ei høgreist blokk. Hellaren er 7 meter lang og 3 meter djup. Mot sørvest er det synlege spor etter menneskebygde murar som truleg er bygd for å gje betre ly. Under bakken er det også avdekt eit lag av kull under bakken. Brukstida for minnet er truleg frå førreformatorisk tid.<br/> Samla verdivurdering: <u>Middels til stor.</u></p> |
|   | <p><b>KM02 – Kråni</b><br/> Kråni er ein gammal husmannsplass tilhøyrande garden Børdal. I dag kan man finne rester av grunnmurstrukturen frå våningshus og løe. Husmannsplassen er frå 2. kvartal av 1800 talet. I Samband med konsekvensutgreiing for nye Frøland kraftstasjon vart verdien på minnet vurdert til middels verdi, men grunna at området i seinare tid har vore nytta til riggplass for Samnanger transformatorstasjon vert verdien liten<br/> Samla verdivurdering: <u>Ubetydelig.</u></p>   |
|  | <p><b>KM03 – Børdal</b><br/> I Børdal er det fleire SEFRAK-registrerte hus i klynge. Husa er for det mest registrert bygd i tredje kvartal av 1800-talet. Miljøet/klyngetuna er typiske for lågfjell/dalgardar i regionen og har verdi ved at strukturen i stor grad er bevart.<br/> Samla verdivurdering: <u>Middels</u></p>   |

## 9.2 Omfang og konsekvensar

Det er konfliktar med kulturminna. Det vil ikkje vere direkte konflikt til nokon av minna for alternativ sør, men tiltaket vil komme nær KM01 slik at den visuelle opplevinga av minnet kan verte noko redusert. KM02 ligg midt i alternativ nord. Ein utbygging her vil ha stor negativ konsekvens det som er igjen av SEFRAK-minnet. Det er per i dag dessverre ikkje så mykje igjen av minnet på grunn av at området har vert nytta til riggplass for transformatorstasjonen samt landbruksdrift. Det vart gjeven rivingsløyve på bustadhuset i 1994. Fylkeskonservatoren uttalte i denne samanheng: «*Huset i seg sjølv er eit verneverdig bygg, men miljøet rundt er øydelagd. Dette medfører at det ikkje har så stor verneverdi der det står i dag.*» I tillegg vil ein utbygging nord om transformatorstasjonen ha konsekvens for KM03. Utbygginga vil ikkje komme i direkte konflikt med KM03, men vil vesentleg råke heilsakopplevinga av området.


### Alternativ sør:

| Kulturmiljø      | Verdi              | Påverknad  | Konsekvens                            |
|------------------|--------------------|------------|---------------------------------------|
| KM01             | Middels/Stor<br>-- | Liten<br>- | Små negative konsekvensar             |
| KM02             | Ubetydelig<br>-    | Ingen      | Små negative konsekvensar             |
| KM03             | Middels<br>--      | Liten<br>- | Små negative konsekvensar             |
| Samla konsekvens |                    |            | <b>Små negative konsekvensar</b><br>- |

### Alternativ nord:

| Kulturmiljø      | Verdi              | Påverknad         | Konsekvens                                 |
|------------------|--------------------|-------------------|--|
| KM01             | Middels/Stor<br>-- | Ingen             | Små negative konsekvensar                  |
| KM02             | Ubetydelig<br>-    | Stor              | Små negative konsekvensar                  |
| KM03             | Middels<br>--      | Middels/stor<br>- | Middels negative konsekvensar              |
| Samla konsekvens |                    |                   | <b>Middels negative konsekvensar</b><br>-- |

## 10 Naturfare



Bilete 5 - Utsnitt kommuneplan 2017-2027 med aktsemdområde

Når ein ser situasjonen for området med alle aktsemdsonar (med unntak av flaum) teikna inn. Ser det ut som om Børddalen er lite eigna for etablering av datasenter. Når ein ser nærmere dei ulike risikomomenta vert situasjonen langt betre. Me har difor i samarbeid med kommunegeolog Tore Dolvik vurdert risikosituasjonen for kvar av aktsemdsonene.

Kommunen sin samla vurdering etter å ha vurdert risikobilete er at område let seg byggja ut, men det må pårekna avbøtande tiltak i arbeidet med reguleringsplan.

NVE sin uttale til kommuneplanen sin arealdel konkluderte med at det var naudsnyt med tilleggsutgreiingar i arbeidet med reguleringsplan. Kommunen støtter dette synet.


«Det er sett krav om utarbeiding av reguleringsplan. I arbeidet med reguleringsplan vil skred-, flaum-, og erosjonsfare verte utgreidd. Desse utgreiingane vil syne om området let seg bygge ut og i kva omfang. I planarbeidet vil også detaljar i høve til vassdraget bli avklart. Planframleggget slik det er utforma no set rammer for utbygginga, t.d. at utbygging ikkje skal råke kantvegetasjon. Etter det vi har forstått kan ei utbygging i Børldalen også utfordre denne føresegna. Vi har likevel ikkje så langt sett at arealbruken knytt til utbygginga vil råke vassdraget i så stor grad at ikkje dette kan finne ei løysing gjennom arbeidet med reguleringsplanen..»

*NVE sin uttale om Børldalen, mai 2017*

## 10.1 Jord- og flaumskred




Figur 18 - Utsnitt kommuneplan 2017-2027 med aktsemdområde jord- og flaumskred



Figur 19 - Utsnitt forslag, justert for vassdragsbelte

| Område |   |
|--------|---|
| JF1    | Kommunegeologen vurderer at det er naudsnyt med skredanalyse i aktsemdsona, sannsynlegvis vil skredanalysen trekke faresonen mykje nærmare fjellveggen. Det siste partiet er slakt, og avbøtande tiltak som sikrings-/ledevoll vil gje akseptabel tryggleik   |
| JF2    | Det renn ein lita bekke frå flaten/myrområdet bak Tømmerskarhaugen som går til Børldalselva på nordsida av transformatorstasjonen. Denne kan tidvis føre med seg relativt store mengder vatn. Ved eventuell oppstuing av bekken, kan eit potensielt jord/ flaumskred gå mot JF2 i staden for å gå mot JF1. Spor i terrenget syner at det kan ha gått eit skred i øvre del av JF2 tidligare. Planering/ utfylling av området vil leie eventuelle skred mot Børldalselva i buffersonen mellom transformatorstasjonen og datalagringsenteret. Reguleringsplan må sikre at utfylling ikkje aukar risiko for transformatorstasjonen ved endring av naturleg flaumlaup. |
| JF3    | Utanfor forslag, justert for vassdragsbelte. Reguleringsplan må vurdere flaumrisiko ved eventuell oppstuing av elv.   |
| JF4    | Utanfor forslag, justert for vassdragsbelte. Reguleringsplan må vurdere flaumrisiko ved eventuell oppstuing av elv.   |
| JF5    | Utanfor forslag, justert for vassdragsbelte. Reguleringsplan må vurdere flaumrisiko ved eventuell oppstuing av elv.   |

## 10.2 Flaum



Figur 20 - Aktsemdområde flaum, NVE


Frå grovvurderinga av potensielt utsett flaumområde kan ein sjå at det er ein del flaumproblematikk i området.

| Område | Flaumsituasjon  |
|--------|---|
| F1     | <p>Markane i dette området er vassjuk, og vert oversvømt ved ekstremnedbør og i smelteperiodar. Området har vore grøfta, men fleire av grøftene er gjengrodde og har trong for vedlikehald. Heile området har med stort sannsyn vore myr før utsprenging av kanal i sørlege del av området.</p> <p>Området fungerer truleg som fartsreduserande og flaumdempende for areala nedstraums, og har ein viss vasslagringsevne.</p> <p>Om området skal takast i bruk til næringsføremål må det omfattande masseutskifting til, og planeringshøgda må setjast til flaumsikkert nivå i reguleringsplan.</p> <p>Skal området byggjast ut vil det vere krav om at flaumsituasjonen vert vidare utgreidd. Både med omsyn til at bygginga skal skje på flaumsikkert nivå, men også konsekvensar nedstraums må skildrast. Då med spesielt fokus på at det ikkje må gje negativ verknad, eller auke flaumrisiko for transformatorstasjonen.</p> |

Aktsemdområde for flaum er for grove til at dei kan nyttast til vurdering av potensiell fare, og NVE- rår til å ikkje bruke dei i arealplanlegging for Børdalen. Dette er dessverre dei einaste data for flaum som ligg føre i området.

Kommunen har difor gjort supplerande vurderingar av flaumfare, basert på observert situasjon ved ekstremnedbør, topografi, og etter spor i terrenget etter tidlegare hendingar.

Desse data må brukast med aktsemde, og er ikkje eigna til detaljplanlegging. Likevel vil dataa ha ein grad av verdi til å vurdere kva for ekstrautgreiingar som må utførast ved ein eventuell utbygging i området.



Figur 22 – Kommunal grovvurdering aktsemd flaum

| Område | Flaumsituasjon  |
|--------|---|
| F2     | Det er ikke føreslått nokre tiltak i dette området som ligg fullstendig innanfor det bandlagte området til transformatorstasjonen. Når det likevel er teken med er det på grunn av at eventuelle tiltak i F1 ikke må auke risiko for transformatorstasjonen. Om til dømes det vert en oppdemming av elven grunna jord eller flaumskred frå JF1 eller JF3, kan det ha vesentlig til katastrofal konsekvens for transformatorstasjonen. |
| F3     | Det er vurdert at flaum ikke er noko vesentleg problem for F3. Elven har godt rom til å vandre naturleg, også ved ekstremver- situasjonar. Det einaste som vurderast å kunne ha konsekvens er om elva vert demma opp av jord eller flaumskred og elven finn nytt laup. Men sjølv då sjåast potensiale for skade lågt for alternativ sør.  |


## 10.3 Stein- og snøskred

### 10.3.1 Omsynssone - ras

Aktsomhetskart viser *potensielle* løsneområder og utløpsområder for skred. Kartene gir ikke opplysninger om skredsannsynlighet. Aktsomhetskart kan ha ulik detaljeringsgrad, avhengig av hvilke metoder og ressurser som er nyttet i kartleggingen. Dess grovere aktsomhetskartet er, dess større utstrekning har normalt aktsomhetsområdene. Nøyere kartlegging vil derfor vanligvis redusere aktsomhetsområdene utstrekning.

I dag finnes det landsdekkende aktsomhetskart for snøskred, steinsprang og jord- og flomskred. Nærmere omtale av dem er gitt på skrednett.no. For deler av landet finnes det eldre snø- og steinskredkart utarbeidet av NGI. Ved utarbeidelse av disse kartene er det foruten bruk av modeller, gjort befaringer av skredfaglig sakkyndige. Ved avgrensning av 10 aktsomhetsområdene er sannsynlig skredutløp vurdert i forhold til lokale terregngforhold, skogdekke og andre lokale faktorer. Aktsomhetsområdene på disse kartene har derfor som hovedregel noe mindre utstrekning enn aktsomhetsområdene på de landsdekkende snøskredkartene. NGIs kart kan brukes til å avgrense aktsomhetsområder for snøskred i stedet for de nasjonalt dekkende aktsomhetskartene.

*Uttrekk frå NVE sin rettleiar «Sikkerhet mot skred i bratt terrengr»*



Omsynsonene for ras er i kommuneplanen sin arealdel etablert på grunnlag av beste tilgjengelige data. Snitt x-x synar grensa mellom to kartblad med ulik nivå av detaljering på omsynsonene.

Følgjande grunnlagsdata i tillegg til er nytta for dei ulike sonene i tråd med NVE sin anbefaling:

#### Sone A:

Sone A har dei grovaste, og mest unøyaktige karta som grunnlag for omsynsonen. Sonen nytter dei landsdekkande aktsemdkarta for snøskred og steinsprang (i tillegg til jord- og flaumskred som er skildra tidlegare).

Kartdata med grå skravur syner aktsemdområde steinsprang, aktsemdområde for snøskred dekker heile sone A.


Figur 23 - Utsnitt NVE-Atlas

### Sone B


Aktsemdområda for snø- og steinskred syner aktsemdområder samla for dei to skredtypane. Det er som regel snøskredfaren som er dimensjonerande for utstrekninga av aktsemdområda, på grunn av at det er snøskred som normalt har størst rekkevidde.

Kartserien dekker deler av landet. Bare områder som kan nåast frå veger synfara, derfor er det på kvart kartblad store områder som ikkje er vurdert.

Udstrekningen av aktsemdområda på disse karta er vanlegvis mindre enn aktsemdområda på dei nasjonalt dekkande, automatisk genererte aktsemdkarta for snøskred, fordi skredkunnig vurdering ved synfaring og har gitt sjans til å ta omsyn til lokale faktorar som avgrensar skredutløp, slik som skog, terrengdetaljer og liknande.



Figur 24-Høyderelieff - Børerdalen (Hoydedata.no)




Tømmerskarhaugen vil ligge som ein barriere som vil kunne stoppe nedfall frå Kinnapresten slik at området bak vil vere skjerma frå nedfall.

Omsynsonene for ras i kommuneplanen sin arealdel seier ikkje noko om sannsyn for ras, men er basert på matematiske modeller som tek omsyn til brattheit og modellert potensielt nedfallsområde.

For å kunne bygge ut området med tilstrekkelig tryggleik mot ras innan ramma i TEK10 må det utførast meir detaljerte modellberekingar som tek omsyn til lokale høve.

Figur 25 - Prinsippskisse ras



Figur 26 - Situasjonskisse ras

- A. Sone som er naturleg skyddet for potensielt nedfall frå Kinnapresten. Kan vere naudsynt med lokale sikringstiltak frå nedfall frå Tømmerskarhaugen. Dette kan i følgje kommunegeologen i så fall sikrast med lokale rassikringstiltak som bolting, rasnett, sikringsvoll med vidare.
- B. Sone kor det kan vere potensiale for nedfall frå Kinnapresten.
- C. Spor etter tidlegare registrert rashending.

Det er om lag 450 meter høgdeforskjell mellom øvre deler av utfallsområde på Kinnapresten til utbyggingsområdet.

Dominerande retningar på ras gjør at størsteparten av området sannsynlegvis kan byggjast ut utan meir avbøtande tiltak enn lokale sikringstiltak. Med ein slik forskjell i høgde kan imidlertid enkeltblokker kunne sprete til sida og avvike relativt mye frå dominerande retning på ras. Det må difor supplerande modellkjøringar til for å kunne fastslå storleik og fordeling mellom sona A og B. Det er store belte av vegetasjon som kan ha ein bremsande effekt på nedfall. Den bremsande effekten vil vere større dess nærmere utfallsområdet man kjem. Om sone A vert for liten til ønskt utbygging vil det vere mogleg å i reguleringsplanarbeidet legge inn avbøtande tiltak som ledevoll/sikringsvoll m.v. for å auke sone A til tilfredsstillende storleik.



Figur 28 - Vegetasjonsbelte som kan ha bremsande effekt

## 11 Samanstilling konsekvensar

**Område nr: N07**

**Namn på området:**

**Børдалen**

**Gbnr: 35/3, 4, 59**

Noverande planstatus: LNF-område

Føreslått arealbruk: Nærings

Storleik: 48 daa

Kort skildring: Området er tenkt utnytta til lokalisering av datalagringsenter. Området er eit knutepunkt for kraftinfrastruktur, og er i dag delvis nytta til grasproduksjon.

Kommuneplankart og flybilete:



Vurdering av området/influensområdet sin verdi:

|                            | <b>Verdi</b>                  | <b>Datagrunnlag</b>            | <b>Skildring</b>   |
|----------------------------|-------------------------------|--------------------------------|--|
|                            | <i>Liten – Middels – Stor</i> | <i>Dårleg – Middels – Godt</i> |  |
| Naturmangfald              | Liten                         | Godt                           | Det er ingen registrerte raudlisteartar i eller i nærleiken av dette området. Av artsobservasjonar finn vi liten vepseblomsterflue, nordflaggermus og fossekall. Rapporten «Verdier i Frølandselvi, VVV-rapport 2002-2» nemner ingen spesielle biologiske verdiar i eller rundt denne sidestrenget til det verna vassdraget. Tiltaket vil ikkje råke kantvegetasjon. Det er sett krav om ytre miljøplan og dokumentasjon av avrenning i byggefasen.  |
| Friluftsliv og nærmiljø    | Stor                          | Godt                           | Storelva som renn gjennom området er ei sideelv til det verna vassdraget Eikedalselva/Frølandselva (ID 055/1). Rapporten «Verdier i Frølandselvi, VVV-rapport 2002-2» nemner Myrkhølfossen med lokal verdi for friluftsliv. Det er eit INON-område aust for området, på Børdfjellet, 1 km i frå dei store kraftlinene som går inn til trafoen i Børddalen.   |
| Kulturminne og kulturmiljø | Stor                          | Middels                        | Rett sør for området ligg det eit automatisk freda kulturminne, hellaren Engjalistølen (ID 120768). Det er ein registrert SEFRAK-bygning innanfor området, dette er ei ruin av ei løe. Eit stykke nord for området er fleire av bygningane i to gardstun SEFRAK-registrerte.   |
| Landbruk og naturressursar | Middels                       | Middels                        | Lauvskog av høg bonitet, 11,1 daa fulldyrka jord.  |
| Landskap                   | Liten                         | Middels                        | Delar av området er synleg frå fv 7 og delvis i frå rastelassen ved Mørkhølen. Frå rastelassen ser ein den freda hellaren, og eit lite drag nordvestover. Rapporten «Verdier i Frølandselvi, VVV-rapport 2002-2» nemner Myrkhølfossen med lokal verdi for landskapsbilete. Området er prega av blandingsskog, granskog, landbruksareal og ein 50 daa stor transformatorstasjon med om lag fem store kraftliner som går inn og ut av anlegget. Fylkesveg 133 Høysetevegen og elva Storelva går gjennom heile området. |

Vurdering av konsekvensar ved føreslått endra arealbruk:

|                                  | Konsekvens | Datagrunnlag            | Skildring   |
|----------------------------------|------------|-------------------------|---|
|                                  | -3 til +3  | Dårleg – Middels – Godt |   |
| Forureining og støy              | -1         | Dårleg                  | Reguleringsplan må syne eventuell negativ konsekvens med omsyn til støy.  |
| Naturmangfald                    | -1         | Godt                    | Masseutskifting kan gi avrenning til elv. Det er sett krav til dokumentasjon og ytre miljøplan for å avgrense potensiell skade.                               |
| Landbruksressursar               | -1         | Middels                 | Arealbruken fører til omdisponering av dyrka og dyrkbar mark. Det vert ein føresetnad at råka matjord vert flytta til alternativ lokalitet.                   |
| Landskap og grønstruktur         | -2         | Middels/stor            | Allereie store inngrep med trafostasjon. Vil gje noko auke i negativ fjernverknad.  |
| Kulturminne og kulturmiljø       | 0          | Middels                 | Vil ikkje komme i direkte konflikt, men opplevinga av urørt kulturmiljø kan verte noko redusert.  |
| Friluftsliv                      | 0          | Godt                    | Det vert ikkje utøvd friluftsliv på dette arealet rundt trafostasjonen.   |
| Transportbehov og energibruk     | +2         | Godt                    | Nærleik til trafostasjon gir svært låge tap i overføring av energi til samanlikning med alternative lokalitetar, auke i trafikk handsamast i reguleringsplan. |
| Infrastruktur                    | 0          | Middels                 | Ingen vesentleg konflikt. Fylkesveg 133 går langsmed området, auke i trafikk handsamast i reguleringsplan.  |
| Folkehelse                       | 0          | Middels                 | Tiltaket kjem ikkje i konflikt med busetnaden nord for arealet.   |
| Barn og unge sine oppvekstvilkår | -          | -                       | Ikkje aktuelt   |
| Universell utforming             | +1         | -                       | Området har moglegheiter for universell utforming.  |

Samla vurdering KU: Det vil vere små til moderate negativ samla effekt av endra arealbruk lokalt.



Sakshandsamar, telefon  
Egil Hauge, 5557 2350  
Morten Sageidet, 5557 2057

Vår dato  
26.04.2018  
Dykkar dato  
01.03.2018

Vår referanse  
2017/5957 421.3  
Dykkar referanse

Samnanger kommune  
Tyssevegen 217  
5650 Tysse

### Trekker motsegn til kommuneplanen for Samnanger 2017-2027 - arealdelen

Vi viser til vår samordna uttale datert 13.09.17, der Fylkesmannen etter ein utvida dialog fann det nødvendig å fremje ein del motsegner til planframlegget. Etter dette har det vore ein god dialog om å finne løysingar, og det er per i dag berre eitt punkt der det ikkje er semje om ei konkret løysing. Dette gjeld område N07 Børdalen – datalagringsenter.

I den samordna uttalen sa Fylkesmannen følgjande, som oppsummering etter dialogmøte:

- Fylkesmannen peika på at å etablere denne type industriområde vil krevje at konsekvensane, inklusive alternativ lokalisering, vert tilstrekkeleg utgreidde. Som nemnd i den førebelse uttalen (jf. ovanfor) vil etableringa kunne gje negative verknader, særleg når det gjeld viktige verdiar for landbruk, kulturlandskap og vassdrag. Det var difor semje om at dialogen om ei utvida konsekvensutgreiing/planskildring skulle halde fram.*
- Inntil det ligg føre eit betre grunnlag for å kunne vurdere verknadene av forslaget, kan Fylkesmannen ikkje vurdere planen på dette punktet. Fylkesmannen ser det difor som naudsynt å fremje motsegn til område N07.*

I brev av 01.03.18 har vi no fått oversendt tilleggsvurderingar for lokalisering av datalagringsenter i Børdalen. Tilleggsvurderingane er på til saman 45 sider, og er relativt enkelt gjennomført. I hovudsak inneheld dei ei samanstilling av allereie kjent kunnskap. Det er i mindre grad utarbeida ny informasjon.

Kommunen sitt forslag er no å redusere området i storleik og dele det i to mindre område, eit område i sør for sjølve datasenteret og eit nordre område sett av for eksisterande- og framtidig utviding av trafostasjon, som i følgje utgreiinga vil bli naudsynt. I tillegg er næringsområdet trekt noko vekk frå elva og i si heilheit lokalisiert til austsida av vassdraget.

#### Siling av alternativ

Tilleggsvurderingane omhandlar konsekvensane av ei føreslått lokalisering inkludert vurdering av denne lokaliteten opp i mot andre aktuelle lokalitetar i fylket, noko Fylkesmannen som nemnd har etterlyst. Vurdering av konsekvensar av ulike alternative lokalitetar, er enkelt gjennomført og på eit overordna nivå. I rapporten er det valt ut fire lokalitetar som er vurdert opp i mot kvarandre. Tilleggsvurderingane klarer i liten grad å samanlikna desse fire lokalitetane med omsyn til konfliktnivå.

### Samfunnstryggleik med vekt på naturfare

Vi registerer at fare for ras, steinsprang og flaum framleis ikkje er tilstrekkeleg utgreidd på dette plannivået. Kommunen føreslår difor at utgreiing av ras skal utsetjast til detaljregulering. Det er difor eit ope spørsmål om det let seg gjere å etablere eit datalagringssenter på staden. Når det gjelde flaum er det tatt nokre grep i rapporten. Den mest flaumutsette delen av det avsette området til datalagring i kommuneplanen er tatt ut.

### Tilhøve til verna vassdrag

Datalagringssenteret kjem i direkte konflikt med verna vassdrag. Rapporten synleggjer nokre av utfordringane for vassdragsverdiane, men underkommuniserer etter vårt syn framleis konfliktnivået. I rapporten blir ein 20 meter byggegrense lagt til grunn mot vassdraget, noko som er vesentleg mindre enn det dei rikspolitiske retningslinene for verna vassdrag legg til grunn. I dei rikspolitiske retningslinene opererer ein med ei sone på 100 meter inn mot vassdraget. Det blir også lagt opp til ei brukryssing av elva, noko som kjem i direkte konflikt med vassdraget. Fylkesmannen si vurdering er at dei samla verdiane og verknadane på vassdragsnaturen er ikkje tilstrekkeleg utgreidde på dette plannivået. Det vil seie at vi i kommuneplanen ikkje kan ta endeleg stilling til at heile det avsette arealet kan takast i bruk til utbygging.

### Friluftsliv

Konfliktnivået for friluftsinteressene blir tilsvarande som for verna vassdrag.

### Landskap

Landskapsverdiane vert etter vårt syn også noko underkommuniserte i rapporten. Konsekvensane for landskapet av eit datalagringssenter, eventuelt med framtidig utviding pluss trafostasjon, blir vurdert som liten i konsekvensutgreiinga. Vår vurdering er at dei samla verknadene på dette relativt trонge landskapsrommet burde vore noko nærmare skildra.

### Kjølevatn

Behovet for kjølevatn og konsekvensar av det er i liten grad vurdert i rapporten. Dette kan vere eit avgjerande spørsmål for eventuelle verknader på verdiane i verna vassdrag. (Sjå likevel vår nye vurdering nedanfor).

### Jordvern

Rapporten skildrar noko nærmare kva for marktypar som ligg inne i planområdet. Det er synleggjort at området mellom anna femner omlag 12 dekar fulldyrka, lettbrukt landbruksareal samt større område med overflatedyrka jord og innmarksbeite, som i varierande grad for tida er halde i hevd. Dei faktiske verknadene av ei eventuell omdisponering i konflikt med nasjonalt jordvernål, konsekvensar for eksisterande og framtidig drift samt verknadene for kulturlandskapet er ikkje nærmare vurdert. Men som avbøtande tiltak er det lagt inn ei føresegn om at matjord som vert fjerna, skal takast vare på og flyttast til ein alternativ lokalitet.

### Ny samla vurdering

Etter å ha vurdert dei endringane som ligg føre i planforslaget og tilhøyrande tilleggsutgreiing, vurderer Fylkesmannen framleis at dette samla sett er ein konfliktfull lokalisering av eit datalagringssenter. Eit første steg av ei utbygging av denne typen verksemd, vil òg kunne gi eit ytterlegare byggepress i området som utviding eller

nyetableringar. Det kan ikkje utelukkast at dette eventuelt kan forsterke konfliktane mot statlege interesser eller skape nye.

Eit avgjerande punkt i Fylkesmannen si vurdering av om motsegna likevel kan trekkjast attende, vil vere om planen på dette plannivået gir tilstrekkeleg tryggleik for at alle framtidige tiltak innordnar seg verdiane i det verna vassdraget, og ikkje gjev negative verknader for landskap og naturmangfald knytt til dette. Dette har vore drøfta i kontakte med kommunen. Dei har då opplyst at det er ein klår og akseptert føresetnad frå utbyggjar at ein ikkje vil basere drift av senteret på kjølevassløysing, og dermed føreslege å ta inn føresegns som sikrar dette eintydig. Føresegna har følgjande ordlyd:

- *Det kan ikkje tillatast tiltak i vasstrengen som til dømes uttak/utslepp av vatn til vasskjøling.*

Vi viser elles til e-post datert 23.4.2018 frå kommunen.

På vilkår av at denne, og dei andre endringsforsлага i plankart og føresegner vi har fått tilsendt blir tatt inn i planen og planvedtaket, ser Fylkesmannen mindre trong for å halde fast ved motsegna til planen. Etter ei samla vurdering, og med etterhald om å måtte få komme attende med ei nærmare vurdering når dei avklaringane som til no er mangelfulle ligg føre i ein reguleringsplan, finn vi å kunne trekkje motsegna til område N07 Bødalen.

Vi ber om å få oversend endeleg plan og planvedtak når dette ligg føre.

Med helsing

Kjell Kvingedal  
avdelingsdirektør

Egil Hauge  
fagdirektør

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Kopi til:

NVE - Norges vassdrags- og energidirektorat      Postboks 5091 Majorstua      0301      OSLO  
Hordaland fylkeskommune                                  Postboks 7900                                  5020      Bergen



## SAKSFRAMLEGG

|                                      |                                |
|--------------------------------------|--------------------------------|
| <b>Sakshandsamar:</b> Aandahl, Roald | <b>Arkivkode:</b> GBNR - 18/11 |
| <b>Arkivsaksnr:</b> 18/298           | <b>Løpenr:</b> 18/4426         |
| <b>Sakstype:</b> Politisk sak        |                                |

### SAKSGANG

| <b>Styre, utval, komité m.m.</b> | <b>Møtedato</b> | <b>Saksnr</b> |
|----------------------------------|-----------------|---------------|
| Naturutvalet                     | 29.05.2018      | 007/2018      |

### **Dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel - Omsorgsbustad Skottabakken**

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Med heimel i pbl. § 19.2 dispenserast det frå kommuneplanen sin arealdel føresegzn 15.5 – Grad av utnytting. Det tillatast ein utnytting på inntil 40% av tomt gnr/bnr. 18/11.
- Med heimel i pbl. § 19.2 dispenserast det frå kommuneplanen sin arealdel føresegzn 1.3 – Krav om reguleringsplan. Det kan tillatast oppføring av 7 nye einingar utan reguleringsplan.
- Med heimel i pbl. § 19.2 dispenserast det frå kommuneplanen sin arealdel føresegzn 7.2 – Byggjegrense mot kommunal veg. Byggjegrense mot veg vert sett til 2 meter frå vegkant.
- Administrasjonen sender søknad om dispensasjon til uttale til fylkesmannen når tilstrekkelig dokumentasjon ligg føre med omsyn til flaumfare. Dispensasjon kan gis delegert på følgjande vilkår:
  - Det skal setjast av ein sone på minst ein meter til bekken.
  - Det skal ikkje utførast tiltak i vasstrengen.
  - Planeringshøgda må setjast tilstrekkelig til at det ikkje er risiko for flaum.

Det vurderast at fordelane med dispensasjon frå føresegna i kommuneplanen sin arealdel er større enn samfunnet sin ulempe. Alle punkta det dispenserast frå er høve som normalt ville vore tatt stilling til i ein reguleringsplan. Likevel vurderast det at utarbeidning av reguleringsplan for denne einskilde tomten ikkje ville ført til vesentlig auka kvalitet, og ville forsinka utbygginga. Formålet ved føresegna vert ikkje vesentleg sett til side når dispensasjonane vert gitt med dei omtalte vilkår.

#### Dokument som ikkje er vedlagt:

(slett denne teksten dersom du ikkje viser til dokument som ikkje er vedlagt)

**Kva saka gjeld:**

I samband med prosjektering av omsorgsbustader på Skottabakken er det søkt om følgjande dispensasjonar:

- Kommuneplanen sin arealdel føresegn 15.5 – Grad av utnytting.
- Kommuneplanen sin arealdel føresegn 15.5 – Minste uteopphaldsareal.
- Kommuneplanen sin arealdel føresegn 1.3 – Krav om reguleringsplan.
- Kommuneplanen sin arealdel føresegn 13.4 – Byggjegrense mot vassdrag.

I tillegg er vil det vere trong for byggjegrense mot veg.

**Vurderingar og konsekvensar:*****Kommuneplanen sin arealdel føresegn 15.5 – Grad av utnytting.***

I kommuneplanen heiter det:

**15.5. Krav til maksimal %BYA og minste uteopphalsareal (MUA)**

| Område           | %BYA | MUA per bustadeining under 65m <sup>2</sup> | MUA per bustadeining lik eller over 65m <sup>2</sup> |
|------------------|------|---|--|
| Uregulert område | 30   | 50  | 100  |
| Ved regulering   | 50*  | 50  | 100  |

\* %BYA er rettleiande for regulering av planområdet og er satt for området totalt sett.

**Heimel: PBL §11-9 nr 5.**

Tillate utnytting er i følgje KPA 30 %BYA. Med en tomtestorleik er på 3544m<sup>2</sup> vil dette gje moglegheit for å utnytte 1063m<sup>2</sup>. I dispensasjonssøknaden frå Sørli Arkitekter er det oppgitt eksisterande og nye bygg inkludert parkering vil utgjere 1226m<sup>2</sup>. Dette ville gitt ein utnytting på 34,6 %BYA.

Utnyttingsgrad (%BYA) rekna med parkering. Bakgrunnen for at også parkeringsareal rekna med, er at man allereie ved berekninga av utnytting skal kunne ta høgde for seinare trong for garasje eller carport på tomta. Det er ikkje sannsyn for at det vil vere seinare trong for den type anlegg i tilknyting til omsorgsbustadene. Likevel kan det vere framtidig trong for meir parkering. Administrasjonen rår difor til at en tek høgde for dette og dispenserar frå %BYA til maksimalt 40 %BYA.

***Kommuneplanen sin arealdel føresegn 15.5 – Minste uteopphaldsareal.***

Minste uteopphaldsareal er i KPA sett til 50m<sup>2</sup> for bustader under 65m<sup>2</sup>. Det er i prosjektet lagt opp til seks omsorgsbustader og ein avlastningsbustad. Dette gir ein trong for minst 350m<sup>2</sup> til uteopphald. Det er tilrettelagt 336 m<sup>2</sup> uteopphaldsareal. I tillegg er det fleire små grøne lunger og plassar som kan nyttast. Alt uteopphaldsareal trenger ikkje vere tilrettelagt. Område tilgjengeleg for uteopphald langt over minstekravet til MUA. Administrasjonen ser ingen grunn til å dispense på grunn av at tiltaket er i tråd med KPA på dette punktet.

***Kommuneplanen sin arealdel føresegn 1.3 – Krav om reguleringsplan.***

Det er søkt dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel sitt føresegn 1.3.

I denne føresegna heiter det:

- 1.3. I byggjeområde utan plankrav etter 1.1 er det tillate å fortette med inntil 3 einingar før det må utarbeidast reguleringsplan.**

*Heimel: pbl. § 11-9, nr 1.*

Det er søkt om eit bygg som inneholder 7 bustadeiningar. Dette løysar ut krav om reguleringsplan etter kommuneplanen sin arealdel føresegna 1.3. Føremålet bak denne føresegna er mellom anna å sikre at det er tilstrekkelig infrastruktur, gode oppveksthøve og at ikkje utbygging er til hinder for framtidig utvikling og regulering.

Det skal rivast eit eksisterande bygg med 2 bustadeiningar. Dette fører til at det er 5 einingar meir enn i dag som vil belaste infrastrukturen i området. Det er spesielt omsynet til at ein ikkje skal tette igjen moglegheit for vegframføring til framtidige nye byggjefelt, og sikre trygge løysingar for mjuke trafikantar som taler mot å kunne dispensere frå kravet om reguleringsplan. Vassloppa barnehage ligg lengre inn i vegen. Barnehagen har 5 avdelingar, der 4 er i drift. Det er i dag ikkje fortau mellom kollektivstopp og barnehagen. En auke av trafikk på denne vegen vil difor vere med å redusere tryggleiken for gåande. For å ikkje byggje igjen moglegheita for framtidig fortau anbefaler administrasjonen at det vert sett av ein sone på minst 2 meter til etablering av fortau. Det ligg eit framtidig bustadområde nord for senteret. Det er i kommuneplanen sin arealdel sett krav om at samleveg frå Reistad skal ha tilkopling til bustadfelt B05 Stølen. Det er naturlig at ved ein avkjørsla mot fv.7 vil verte sanert ved ein eventuell større utbygging nord for senteret, då det er bare om lag 150 meter til krysset mot Nordbygda. På bakgrunn av dette vurderer administrasjonen at tiltaket ikkje vil vere til hinder for framtidig regulering i området så lenge det vert sett av tilstrekkelig areal til etablering av framtidig gangløsing.

## ***Byggjegrense mot kommunal veg.***

Frå kommuneplanen sin arealdel pkt. 7.2 heiter det følgjande:

- 7.2. Byggjegrense mot kommunal veg er 7 meter frå midtline.**  
*Heimel: pbl. § 11-9 nr.5.*

Det er ikkje søkt om dispensasjon frå byggjegrense mot kommunal veg jamfør føresegna 7.2. Likevel anbefaler administrasjonen å handsame dispensasjon frå dette kravet samtidig som dei andre dispensasjonane, då den er naudsynt for at tomta kan byggjast ut.

Som tidlegare nemnt er det viktig at det vert sett av areal til framtidig gangløsing forbi senteret. Optimalt burde det vert sett av 2,5 meter til fortau, men på grunn av at det er vanskelig å få etablert eit fortau på denne breidda anbefaler administrasjonen at det skal setjast av ein sone på 2 meter til fortau. Dette er tilstrekkelig til å sikre trygg veg, men er noko lite for å effektivt kunne maskinelt brøyte fortauet.

Administrasjonen rår til at det vert dispensert frå byggjegrense mot kommunal veg, og at ny byggjegrense vert sett til 2 meter frå vegkant. Eventuelt ekstra plassbehov til fortau må i så fall ordnast med breiddeutviding på vestsida av vegen.

## ***Kommuneplanen sin arealdel føresegna 13.4 – Byggjegrense mot vassdrag.***

Byggjegrense mot vassdrag må til uttale hos fylkesmannen før det kan fattast vedtak om

Slik bygget var plassert ved innsending av rammesøknad ville det vert trøng for å grave bekken djupare om ein skulle unngå flaumskade på bygningane. Eit tiltak kor ein endrar bekken sitt naturlege løp kan føre til konsekvensar nedstraums. Farten på vatnet kan auke, og det kan oppstå auka risiko for skader nedstraums. Dette er ikkje godt nok utgreidd med omsyn til risiko til at administrasjonen kan anbefale ein slik løysing. Eit slikt tiltak ville i tillegg vore i strid med nasjonale føringer om at bekkar skal i hovudsak ligge urørt i landskapet, og naturmangfaldloven som skildrar at kantvegetasjonen ikkje skal råkast.

Det er ikkje rom for at bekken kan vandre fritt då den allereie er steinsett. Likevel med en framtidig forventa auke i nedbør på 20 %, kan det vere risiko for at flaum kan oppstå. Administrasjonen vurderer at det minst må vere ein meter igjen mot elvekanten, og at planeringshøgda må settast tilstrekkelig til at det ikkje vert fare for naturskade. Med ein byggjegrense på ein meter frå elvekanten vil ikkje kantvegetasjonen råkast, og ein vil ikkje påføre meir risiko nedstrøms. Arkitekten arbeider med løysingar for å sikre dette. Når tilstrekkelig dokumentasjon ligg føre anbefaler administrasjonen å sende søknaden om dispensasjon til uttale til fylkesmannen og fatte vedtak i saken innanfor følgjande rammer.

1. Det skal setjast av ein sone på minst ein meter til bekken.
2. Det skal ikkje utførast tiltak i vasstrengen.
3. Planeringshøgda må setjast tilstrekkelig til at det ikkje er risiko for flaum.